



VESTNORSKE MAALFØRE

FYRE 1350.

INNLEIDING:
LATINSK SKRIFT I GAMALNORSK MAAL.

AV

MARIUS HÆGSTAD.

(Videnskabs-Selskabets Skrifter. II. Hist.-Filos. Klasse. 1905. No. 7.)

UDGIVET FOR FRIDTJOF NANSENS FOND.

KRISTIANIA.
I KOMMISSION HOS JACOB DYBWAD.
A. W. BRØGGERS BOGTRYKKERI.
1906.



Fremlagt i fællesmødet d. 13de oktober 1905.

Vestnorske maalføre fyre 1350.

Av

Marius Hægstad.

Avstyttingar.

Agatha, fragment i Ra. av ei soga um Agatha. Prenta i Heil. I, s. 13—14.
Aagrip I, II, III, ágrip af Noregs konunga søgum (3 hender). Diplomatarisk utgaava ved V. Dahlerup. Kjøpenhamn 1880 (med faksimil).
Am., den arnamagnæanske handskriftsamling i Kjøpenhamn.
Barl., hovudhandskrifti av soga um Barlaam og Josafat, Cod. Holm. 6 fol. Utgj. av Keyser og Unger. Kra. 1851 (med faks.) Skriftprøva i Pal 21.
Bbyl., Bergens bylog, Am. 323 fol. Prenta i Ngl. II s. 185—274, med faks. paa plata V, 1.
Ben. I, 5 fragment av benediktinske klosterreglar, i Ra. Uprenta.
Ben. II, 3 fragment av benediktinske klosterreglar, i Ra. Uprenta.
Bjark., Nidaros Bjarkøyrett, Am. 315 g fol. Prenta i Ngl. IV, s. 71—74; faks. paa plata II, 3.
Borg., fragment av den eldre Borgartingslog, i Ra. Heilt faks. i Ngl. paa plata XVII.
Brand., fragment av Brandanus soga, i Ra. Utgj. av Unger i Heil. I, s. 272—275.
Didr. I, II, III, hovudhandskrifti av Didriks soga (3 hender), Cod. Holm. 4 fol. Utgj. av Unger Kra. 1853 (med faks.). Skriftprøva av 1ste hand i Pal. 26. Tilvisningar til fotografi av handskrifti ved Unger.
D. Isl., Diplomatarium Islandicum I—III, Kjøp. 1857—1896.
D. N., Diplomatarium Norvegicum I—XVI, Kra. 1847—1903.
Edda, den eldre edda, 2365 i g. k. s. Kjøp. Utgj. fototypisk av L. Wimmer og F. Jónsson, Kjøp. 1891. Skriftprøva i Pal. 18.
El., Elucidarius, Am. 674 a qv. Utgj. fotolitografisk av den arnamagn. kommission, Kjøp. 1869. Skriftprøva i Pal. 4.
Elis, Elis saga ok Rosamundu, Ups. Delag. 4—7. Utgj. av Kölbing, Heilbronn 1881.
Ffr. II, fragment av den eldre Frostetingslog, Ra 1 C Cod. II. Prenta Ngl. II, s. 501—515. Faks. paa plata II, 2 og XVI, a—d.
Ffr. III, fragment av same log, Ra. 1 C Cod. III. Prenta Ngl. II, s. 515—519.
Ffr. IV, 2 fragment av same log, det eine Am. 315 k, det andre Ra. 1 C Cod IV. Prenta i Ngl. IV, s. 30—31, II, s. 520—521. Faks. paa plata III, 2.

Filip, eit brev fraa »Philippus konungr«, i Ra. Prenta D. N. I, 3. Skriftprøva i Pal. 48.

Frgm. I, II, III etc., fragment i Am. 655 qv. Fragment II er utgjeve av *Unger* i Mariu saga, Kra. 1871, s. XXXII ff.

Frump. Um frum-parta íslenzkrar tungu í fornöld av Konráð Gíslason. Kjöp. 1846.

Fsk., fragment av Fagerskinna, i Ra. Skriftprøva i Pal. 23—24.

G, den eldre Gulatingslog, 137 qv. e donatione variorum i universitetsbibl. Kjøp. Prenta i Ngl. I, s. 3—110 (med faks.). Skriftprøva i Pal. 41.

Gfr. I, fragment av den eldre Gulatingslog, Ra. 1 B. Faks. i Ngl. plata XIII—XV.

Gfr. II, fragment av same log, Am. 315 f fol. Faks. i Ngl. plata I, 3.

Gfr. III, fragment av same log, Am. 315 e fol.

Ggildsk., skraa for eit Olavsgilde i Gulatinglag. Prenta i Ngl. V, s. 7—11.

g.k.s, gamle kongelige samling.

Gl. I, glosesamling, 1812 qv. i g.k.s. Kjøp.

Gl. II, glosesamling, Am. 249 l fol.

Gregor, Gregors homilior og dialogar, Am. 677 qv. Utgj. av Þ. Bjarnarson i Leifar fornra kristinna fræða íslenzkra, Kjøp. 1878. Skriftprøva i Pal. 8.

Grfr. I, fragment av den islandske Grágás, Am. 315 d fol. Utgj. av V. Finsen i Grágás, Kjøp. 1852 (tillegget).

Grfr. II, fragment av same bok, Am. 315 c fol. Utgj. av V. Finsen i Grágás, Kjøp. 1852 (tillegget).

Gr. St., Staðarhóls handskrifti av Grágás, Am. 334 fol. Utgj. av V. Finsen i Grágás, Kjøp. 1879. Skriftprøva i Pal. 16.

G. Tr., Gamalt Trøndermaal, av Marius Hægstad. Vidensk.-selsk. skrifter II, 1899, no. 3, Kra.

H, Stockholmske homiliebok, Cod. Holm. 15 qv. Utgj. av Th. Wisén, Lund 1872. Skriftprøva i Pal. 3.

Haakon I, eit brev fraa kong Haakon Haakonson, D. N. II 5 (1224?).

Haakon II, eit brev fraa kong Haakon Haakonson, Am. fasc. 26, no. 1. Prenta i D. N. I 51 (1226—1245).

Hb., Hauksbok (islandske luten) Am. 371, 544 qv. Utgj. av F. Jónsson, Kjøp, 1892—1896.

Hbv., I, II, III, Hauksbok (den norske luten, 3 hender). Utgj. av F. Jónsson i Hauksbók, Kjøp. 1892—1896 (Hbv. I: s. 150—170; Hbv. II: s. 178—185; Hbv. III 439_{16}—443_{17}.

Heil., I, II, Heilagra manna sögur (2 band), utgj. av Unger, Kra. 1877.

Hfr. I, homiliefragment Am. 686 c. Prenta i Frump. C.

Hjr II, homiliefragment Am. 686 b. Prenta i Leifar fornra etc.

Hjaltlandsbrevet, Am. fasc. 100, no. 3 a. Prenta i D. N. I 89. Faksimil i Pal 52.

Hom. I, II, III a, III b, gamalnorsk homiliebok (3 hender), Am 619 qv. (Hom. I: s. 1—32, 155_{26}—160; Hom. II: s. 33—136, 145—155_{25}; Hom. III a: s. 137—142_{27}; Hom. III b: s. 142_{28}—143). Utgj. av Unger, Kra. 1864 (Hom. I: s. 1—64_{10}, 195_{24}—201; Hom. II: 64_{11}—181_{12}, 183_{25}—195_{22}; Hom. III a: s. 202—210_{23}; Hom. III b: 210_{24}—213). Tilvisningar til Ungers utgaava; naar der er tilvist til handskrifti, er der sett attaat W ɔ: etter Wadstein. Skriftprøva av 2dre hand i Pal. 10.

Karlm, fragment av soga um Karlamagnus, i Ra. Utgj, av Unger i Karlamagnus saga ok kappa hans, Kra. 1860, s. 556—558 (med faks.).

Kgs., hovudhandskrifti av Konungsskuggsjá, Am. 243 b α fol. Utgj. av Brenner, München 1881.

Kgsfr. I, fragment av same skrift, 235 g qv. i n. k. s. Kjøp. Prenta i Brenners utgaava s. 89—93.

Kgsfr. II, 3 fragment av same skrift, i Ra. Prenta i Brenners utgaava s. 6—15, 21—23, 24—27, 35—39.

Kgsfr. III, 2 fragment av same skrift i Geheimearkivet i Kjøp. Prenta i Brenners utgaava s. 105—107, 109—110.

Kgsfr. IV, fragment (4 blad) av same skrift, Ra. fragm. 58 c.
Kringla, fragment av norske kongesogor, Stockh. kgl. bibl. perg. 9 fol. Faksimil i Pal. 17.
Legbrot, fragment av ei legendesamling, Am. 645 qv. Utgj. av L. Larsson, Lund 1885. Skriftprøva i Pal. 13.
Legfr., 3 fragment av ei legendebok, Am. 655 qv. fragm. IX. Utgj. av Unger i Postola sögur, s. 823—825 (Kra. 1874) og i Heil. I s. 269—271, Heil. II. s. 207—209. Skriftprøva i Pal. 9.
Lhom., fragment av ei homiliebok, Am. 237 a fol. Utgj. af Þ. Bjarnarson i Leifar fornra etc. s. 162 ff. Skriftprøva i Pal. 1.
Magnus, eit brev fraa kong Magnus Haakonson, Am. fasc. I, no. 3. Prenta i D. N. I 60.
Munk, blad av ei Munkelivs jordebok, siste blad i 1347 qv. i g. k. s. Kjøp. Prenta i D. N. XVI 1. Tilvisningar til handskrifti.
NBorg., den nye Borgartingslog (landslogi), Stockh. kgl. bibl. C 14 qv. Uprenta.
NBorgkrist., den nye Borgartings-kristenrett, 3261 qv. i g. k. s. Kjøp. Prenta i Ngl. II s. 293—306.
Ngl., Norges gamle love, band I—V, Kra. 1846—1895.
NGul., den nye Gulatingslog (landslogi), Am. 322 fol. Faks. i Ngl. paa plata IV.
NGulfr. I, fragment av landslogi (Gulatingslog), Ra. fragm. 4 + 10.
NGulfr. II, fragment av same log, Ra. fragm. 20, 22, 23.
Nid., stykke av ei jordebok for Jonskyrkja i Nidaros, Ra. fragm. 73. Prenta i D. N. XIII, 1.
Nikolas, eit brev fraa bisp Nikolas, i Ra. Prenta i D. N. I 7 (med faks.).
n. k. s. nye kongelige samling.
Noreen, Altisländische und altnorwegische grammatik von Adolf Noreen. Dritte auflage. Halle 1903.
Odl. og dilikt.
Olfr., 6 fragment av den legendariske Olavssaga, Ra. 52. Utgj. fotolitografisk av G. Storm. i Otte brudst. af den ældste saga om Olav den hellige, Kra. 1903.
Ol. s., den legendariske Olavssaga, Ups. Delag. 8. Utgj. av Keyser og Unger, Kra. 1849. Skriftprøva i Pal. 20.
Otra, Olav Tryggvasons soga, Am. 310 qv. Utgj. av P. Groth, Kra. 1895. Skriftprøva i Pal. 19.
Otrd., Olav Tryggvasons soga, Ups. Delag. Utgj. av P. A. Munch i Saga Olafs konungs Tryggvasonar, s. 64—71, Kra. 1853.
P., fragmentet av Legfr. i Postola sögur. Sjaa Legfr.
Pal., Palæografisk Atlas, oldnorsk-islandsk afdeling, utgj. av kommissionen for det arnamagnæanske legat, Kjøp. 1905.
Ph. (eller Phys.) I, II, Physiologus (2 hender), Am. 673 a qv. Utgj. fotolitografisk av Dahlerup i Aarbøger for nordisk oldkyndighed, Kjøp. 1869. Skriftprøva i Pal. 5.
Pl., Plácitusdrápa, Am. 673 b qv. Utgj. av Finnur Jónsson i Mindre afhandlinger, udgivne af det philologisk-historiske samfund, Kjøp. 1887.
Ra., Det norske riksarkiv i Kra.
Rb., Rimbegla. 1812 qv. i g. k. s. Kjøp. Utgj. av L. Larsson, Kjøp. 1883. Skriftprøva i Pal. 6.
Rm. I, II, III, Reykjaholts máldagi (dei 3 eldste hender), i stiftsarkivet i Reykjavik. Utgj. fotolitografisk av Samfund til udgivelse af gammel nordisk litteratur, Kjøp. 1885. Ogso i Pal. 44—45.
Skipti, eit skiftebrev i Þingeyrabók, Am. 279 a qv. Prenta i D. Isl. I 305 ff. Skriftprøva i Pal. 46.
SkRegn., ein allegori, Am. 673 a qv. Utgj. av L. Larsson i Zeitschr. für deutsch. alterthum. XXXV. 244 ff.
Skule, eit brev fraa Skule jarl, Am. fasc. I, no. 1. Prenta i D. N. I, 8. Skriftprøva i Pal. 49.
Stav., eit brev fraa Stavangerkanten, Am. fasc. 50, no. 8. Prenta i D. N. I 63.

Str. I, II, Strengleikar (2 hender), Ups. Delag. 4—7. Utgj. av Keyser og Unger, Kra. 1850 (med faks.). Skriftprøva av 2dra hand i Pal. 22.

Tgildsk., gildeskraa fraa Trondheim, i Ra. Utgj. med faks. av G. Storm i Sprogl. historiske studier, tilegnede professor C. R. Unger. Kra. 1896.

Thomas, soga um Thomas erkebisp, Cod. Holm. 17 qv. Utgj. av Unger, Kra 1869. Skriftprøva i Pal. 43.

Tunsb., Tunsbergs logbok, 1642 i n. k. s. Kjøp. Faks. i Ngl. paa plata VIII, 1—2.

Tüb., 3 fragment av den eldre Frostetingslog, Codex Me i universitetsbibl. i Tübingen Prenta i Ngl. V, 1—7 (med faks.).

Wadstein, Fornnorska homiliebokens ljudlæra av Elis Wadstein, Upsala 1890.

Innleiding.

Latinsk skrift i gamalnorsk maal.

Den latinske skrift si soga i vaart land hev dessverre ikkje enno fenge nokon dyrkar, og er difor lite upplyst. Det er ein saknad at me ikkje hev ei samanhengande utgreiding um dette emne, bygd paa dokument med paalitande dateringar og andre trygge merke, og upplyst med fullnøgjelege skriftprøvor; ho vilde ha vore til stor hjelp baade for maalgranskaren og sogeskrivaren. Som tilstandet no er, lyt den som hev bruk for nokon kjennskap til den gamle skrift, prøva aa finna rettleiding hjaa skriftkunnige i andre land, og elles leita seg fram gjenom dei grunndokument og faksimil han er so heppen aa faa tak i.

Dei upplysningar um nokre sidor av den gamalnorske skrift som her vert framlagde, er frukti av ein etterrøknad eg sjølv hev gjort, for det meste med det tilfang eg hev kunna raadt meg her i Kristiania: gamle diplom og fragment av gnorske skrifter i Det norske riksarkiv (Ra.), nokre utlaante handskrifter fraa Kjøpenhamn og Stockholm, fotografi og faksimil av sume av dei eldste handskrifter paa norsk maal[1], og upplysningar i tekstutgaavor av eldre handskrifter.

Dette tilfanget eller skriftforraadet femner um alle norske (ɔ: heimenorske og islandske) diplom til 1250; like eins er medteke alle kjende

[1] Etter denne innleidingi var skrivi (vaaren 1905) hev kommissionen for det arnamagnæanske legat utgjeve Palæografisk Atlas (oldnorsk-islandsk afdeling) ved Kr. Kaalund, eit framifraa godt arbeide. Dette atlas saman med det eg fekk sjaa paa ei stipendieferd i Kjøpenhamn i august og sept. 1905 hev vore mykje til nytte, daa eg las gjenom denne innleidingi, fyrr ho gjekk til prenteverket.

handskrifter og fragment av sogor, loger odl. fraa tidi fyre og umkring 1200, og alle som plar vera sette til tidi millom 1200 og 1250. Medtekne er ogso sume handskrifter og diplom fraa tidi etter 1250.

Det er berre den større typiske skilnaden millom ljodteikn som her er emne for etterrøknad, t. d. at sume handskrifter brukar angelsaksisk *v* (*ƿ*), medan andre skriv latinsk *v* eller *u*; derimot tek eg ikkje med skilnaden millom dei ymse skrivemaatar av *b*, *l* ofl. som hev den same grunnform i all gamalnorsk skrift, endaa um der ogso paa denne umkverven kann vera noko aa leggja merke til. Av praktiske grunnar er ogso medteke skrivemaaten av tviljodarne *au ei* og *ey*.

Fyrst vil eg taka for meg konsonantarne.

Av *f* finn me 3 hovudformer i dei gamle handskrifter: *f*, som eg her vil kalla latinsk *f*, *ꝼ* (angelsaksisk *f*) og *ƒ* (karolingisk *f*).

Den eldste trøndske handskrift hev me utan tvil i dei 3 legendefragment Am. 655 qv. fragm. IX. Skriftformerne i det heile i desse fragmenti, dei uvanleg gamle ordformer — til trøndsk aa vera — (*es, vas, vesa* blanda med *er, var, vera*) og endaa meir den primitive barnslege stilen gjer det trulegt at desse fragmenti ikkje kann vera stort yngre enn 1150. Denne handskrifti (Legfr.) brukar *ꝼ*. — Same *ꝼ* er bruka i desse trøndske skrifter: Skule jarls brev, D. N. I 8, Nidaros 1225 (Skule); fragm. av Fagerskinna i Det norske riksarkiv (Fsk.); fragm. av Bjarkøyretten (trøndsk med vestl. paaverknad) Am. 315 g fol. (Bjark.); Olavs legendariske soga, Ups. Delag. 8 fraa umkr. 1250 (Ol.s.); eit kongebrev fraa Magnus Haakonsson 1265?, D. N. I 60 (Magnus); Tübingfragmenti av Den eldre Frostatingslog 1260—1270 (Tüb.); fragm. av same log Ra. 1 C Cod. II (Ffr. II); fragm. av same log Ra. 1 C Cod. III (Ffr. III); hovudhandskrifti av Didriks soga Cod. Holm. 4 fol. 1ste og 2dre hand (Didr. I og Didr. II); Gildeskraa fraa Trondheim i Det norske riksarkiv fraa umkr. 1300 (Tgildsk.). I den sistnemnde handskrifti er sidestavarne samanskrivne, og bokstaven hev denne formi *ꝼ*.

Berre i 3 fragm. fraa kringum 1200 og noko etter den tid finn me i trøndsk skrift andre former for *f*. Det eine er eit stykke av ei jordbok fraa Jonskyrkja i Nidaros: Ra.fragm. no. 73 (Nid.) som hev latinsk og karolingisk *f* (*f* og *ƒ*); det andre er 5 bladstrimlar i riksarkivet av ei skrift um klosterreglar for benediktinmunkar, og som like eins brukar *f* og *ƒ* (Ben. I); det tridje er 3 bladstrimlar i riksarkivet, som ogso inneheld klosterforskrifter og som brukar *ƒ* (Ben. II).

Umkring 1200 og noko etter synest det soleis ha vore ein skule i Nidaros — venteleg benediktin-klostret paa Nidarholmen? — som hev bruka *f* og *ƒ*, medan regelen elles i dei gamaltrøndske skrifter er *ꝼ*.

I dei eldste **austlandske** handskrifter finn me berre *ꝥ*. Soleis i det brevet kong Filip ferda ut: D. N. I 3, Oslo 1207—1217 (Filip); eit brev fraa bisp Nikolas D. N. I 7, Oslo 1224 (Nikolas); fragment av den eldre Borgartingslog Ra. fragm. I. A (Borg.); 1 blad av ein codex av Kongespegelen (n. k. s. no. 235 g qv. Kjøp.) som maa vera fraa tidi fyre eller umkr. 1250 (Kgsfr. I); hovudhandskrifti av Barlaams og Josafats soga, Cod. Holm. 6 fol. (Barl.); 4 blad af Kongespegelen i Det norske riksarkiv, gaava fraa prof. Unger (Kgsfr. IV); fragm. av ei soga um Agatha i riksarkivet (Agatha), som hev seinare form *ꝥ* liksom Codex Tunsbergensis (n k. s. 1642 qv. Kjøp.) den eldste parten fraa 1320—1330 (Tunsb.).

Dei **vestlandske** skrifter vil eg alt her etter nokre vigtuge maalmerke skipa i tvo klassor:

A. den nord-vestlandske med ljodsamhøve i endingarne som i trøndsk, men med gjenomført eller mesta gjenomført *u*-ljodbrigde av *a*, ogso framfor halden *u*.

B. den sudvestlandske med lite eller inkje ljodsamhøve og mykje *u*-ljodbrigde av *a*, ogso framfor halden *u*.

Millom dei **nordvestlandske** handskrifter held eg eit blad med upprekning av jordegods paa Nordvestlandet fraa Sunnmøre og søretter, som hev tilhøyrt Munkelivs kloster i Bergen, for aa vera den eldste. Uppteikningi er innførd paa siste sida av ei avskrift fraa 12te hundr. av Hieronymi Consulta super Evangelia (g. k. s. 1347 qv. Kjøp.), prenta i D. N. XVI 1, og synest etter fleire merke ikkje aa kunna vera yngre enn fraa kringum 1175. Denne handskrifti (Munk.) brukar *ꝥ*. Sameleis 3 gamle fragment av den eldre Gulatingslog Am. 315 f, fol. (Gfr. II) etter Gustav Storm »maaske fra slutten af 12te aarhundr«, som eg ogso meiner; hovudhandskrifti av den eldre Gulatingslog (E don. var. 137 qv.) fraa umkr. 1250 (G); hovudhandi i Am. 304 fol., 322 fol. og 60 qv. — handskrifter av ny Gulatingslog (NGul) —; hovudhandskrifti af Bergens bylog Am. 323 fol. fraa 1ste helvti av 14 hundr. (Bbyl.) ofte med formi *ꝥ*.

Men 3 fragment av ei handskrift av den eldre Gulatingslog Ra. 1 B som er det eldste vestlandsdokument i skriftvegen næst etter Munk. og utan tvil fraa tidi fyre 1200 (Gfr. I) brukar *ꝥ* og *ƒ* um kvartanna; Gamalnorsk homiliebok 1ste og 2dre hand (Hom. I og Hom. II) brukar *ƒ*, og eit fragment av den eldre Gulatingslog Am. 315 e fol. fraa fyrste helvti av 13de hundr. (Gfr. III) hev *ꝥ* og *ƒ*.

Av dei **sudvestlandske** skrifter naar ingi so langt upp i tidi som til 1200. 3dje hand i Gnorsk homiliebok, fyrste luten (Hom. III a) brukar same slag skrift som Hom. I og II, men hev fylgt nøgje eit sudvestlandsk fyrelegg med umsyn paa maalføret; i siste luten er maalføret trøndsk,

anten fordi avskrivaren her hev havt eit anna fyrelegg, eller fordi han er trønder.

Dei eldste skrifter paa sudvestlandsk er elles: hovudhandskrifti af Olav Tryggvasons soga — umsett fraa Odd Snorrasons upphavsskrift paa latin — Am. 310 qv. fraa umkr. 1230? (Otra), og eit fragment av same soga Ups. Delag. 4—7 fraa umkr. same tidi (Otrd); desse tvo handskrifter brukar ꝼ. Same form for *f* hev ogso: baae hender i Strengleikar Ups. Delag. 4—7 (Str. I og Str. II) fraa umkr. 1250; 3 fragment av Kongespegelen i riksarkivet fraa umkr. 1270 (Kgsfr. II; i Brenners utgaava av Kongespegelen fragm. N.); eit rekneskap fraa Stavangerkanten D. N. I 63 umkr. 1270 (Stav.); hovudhandskrifti av Thomas erkebiskops soga Cod. Holm. 17 qv. fraa umkr. 1280 (Thomas); hovudhandskrifti av soga um Didrik av Bern, 3^{dje} hand (Didr. III); fragment av Brandanus soga i riksarkivet (Brand.); fragment af Landslogi (Gulatingslog) i riksarkivet 4 + 10, eldre enn 1300 (NGulfr. I); hovudhandskrifti av Kongespegelen Am. 243 b α fol. sumtid med formi ꝼ (Kgs.); fragment av Landslogi (Gulatingslog) i riksarkivet 20, 22, 23 (NGulfr. II); 3 hender i Hauksbok Am. 544 qv. og 675 qv. (Hb. I = Hauksbók, Kjøph. 150—170; Hbv. II = d. s. 178—185; Hbv. III = d. s. 439_{16}—443_{17}); Landslogi — Borgartingslog — Stock. Kgl. bibl. C 14 qv. fraa omkr. 1350 eller noko fyre (NBorg) med typen ꝼ. — Ogso fragmentet av Karlamagnus soga i rigsarkivet fraa umkr. 1270 hev ꝼ, men ogso *f* (Karlm.). Det eldste diplom fra Hjaltland (prenta i D. N. I 89; 1299) hev ꝼ.

Dei eldste islandske handskrifter er fraa siste helvti av 12^{te} hundr. Alle handskrifter fyre 1200 brukar *f*. Soleis: Reykjaholts máldagi, som vert sett til omkr. 1185, men som visst maa vera eldre (Rm. I); fragment av ei homiliebok Am. 237 a fol. (Lhom.) som maa vera fraa umkr. 1150; Rimbegla med tvo glosesamlingar Cod. Reg. g. s. 1812 qv. (Rb. og Gl. I) og Am. 249 l fol. (Gl. II); det eldste fragment av Grágás Am. 315 d fol. (Grfr. I); Plácitusdrápa Am. 673 b qv. (Pl.); Stockholmske homiliebok Cod. Holm. 15 qv. (H); Elucidarius Am. 674 a, qv. (El.).

Eit skiftebrev i Þingeyrabók Am. 279 a qv. (Skipti) vert tidsett til umkr. 1200. Dette brevet hev ꝼ; men det hev ogso elles so mange heimenorske merke, at det ikkje syner fram islandsk. Det hev soleis *æ* for *é* i *sætte* (av *seks*) og *sætungr*. Medan den palatale endingsvokal i islandsk paa denne tidi og ei god tid frametter mest vert skriven *e*, stend det her 2 gonger *i* for kvar gong der er *e*. I staden for det vanlege islandske *hl* hev dette brevet alltid *l* i *lutr*, *luta*, *luti*, *luter*[1]. Endaa

[1] I lina 16 i avtrykket i Dipl. Isl. sid. 305 stend fulla *hluta* (med *hl*); men her er ei lakuna i dipl. som utgjevarane hev utfyllt; sjaa upplysn. i noten.

mindre islandsk paa denne tidi er *ð* i innljod (etter vokal, *f*, *g* og *r*), som dette brevet gjenomfører i staden for vanleg isl. *þ*. Det einaste utvilsame islandske merke i heile brevet er skrivemaaten (med *hr*) av det islandske proprium *hramnsar*, genitiv av *Hrafnsá*. Etter dette meiner eg at dersom tidfestingi (til 1200) er rett — som ikkje er urimelegt, for skrifti hev den rette gamle svip og der er refleksivform paa *-sk* (i *letzk*; andre døme er der ikkje) — er dette brevet skrive so heiltupp etter heimenorsk mynster, anten det er ein islending eller ein nordmann som hev sett det upp, at det ikkje kann segjast syna fram islandsk skrift fraa 1200[1].

Det næste islandske skriv med nokolund trygg aarfesting er Reykjaholts máldagi, 2dre hand (umkr. 1206); ogso dette hev latinsk *f* (*f*). Millom fyrste og andre radi er der eit innskot av 10 ord: *z gvðvæꝼıar hækpll vvırðı . ær oımr b . gaꝼ tıl kırkıo*. I dette innskotet er der angels. *f* (*ꝼ*); men der er ogso so mange andre heimenorske merke umfram dette, at um ikkje Bjørn Ólsen hadde prova at innskotet ikkje kann vera eldre enn 1234[2], maatte det likevel vera klaart at denne skrifti ikkje hev noko aa gjera med islandsk i 1206. Der er *ð* for *þ*, angels. *v* (*ƿ*) i *hækpll*; *æ* for *e* i *gvðvæꝼıar* og *ær*, pron.; *v-* (ɔ: *ú-*) som priv. part. for islandsk *ó-*, altsaman uislandsk paa denne tid. Det er ikkje urimelegt at Bjørn Ólsen hev rett i den meining at det kann vera Solmund austmann, maagen til Snorre Sturleson, eller sonen Egill Solmundsson, som hev skrive det. Namni Egill og Solmund var mykje i bruk paa Sudvestlandet i Norig, der me endaa i det 15de hundr. i Bjelland finn nemnt ein Egill Solmundsson.

Det er ikkje fyrr enn etter 1206 at *ꝼ* tek til aa visa seg i islandsk skrift, og det endaa sjeldan og sparsamt ei tid frametter. Soleis i Gregors homilior og dialogar Am. 677 qv. (Gregor), som jamnast hev *f*, men i eit visst høve *ꝼ*, daa skrivaren hev bruk for romet yver *f* til ein annan bokstav i ei avstytting, t. d. *ꝼ*ᵃ ɔ: *ꝼara*; i same høvet byter ogso fragmentet av ei legendesamling Am. 645 qv. (Legbrot) *f*, som er det regelrette i handskrifti, med *ꝼ*; sameleis fragm. XXIII av Am. 655 qv. (Frgm. XXIII). Elles hev enno Physiologus (2 hender) Am. 673 a qv. (Phys. I og Phys. II) liksom alle dei eldre islandske fragment I—VIII av Am. 655 qv. latinsk *f* (*f*). Det er fyrst umkring 1225 eller noko fyrr at *ꝼ* tek til aa trengja seg inn i den aalmenne skrivemaaten paa Island. Soleis i eit fragment av Grágás Am. 315 C fol. (Grfr. II); 2 homiliefragment Am. 686 c qv. (Hfr. I) og noko yngre 686 b qv. (Hfr. II), og i Reykjaholts máldagi III

---

[1] Karl abbet, som hadde vore i Norig (1185—87), synest ha vore tilstadar daa brevet vart uppsett.

[2] Sjaa Reykj. máld. Kjøph. 1885, s. 8 ff.

umkring 1224 (Rm. III). I Ágrip skriv dei 2 fyrste hender *f*, den 3dje brukar baade *f* og *ƿ*. Etter denne tid (umkr. 1225) er *ƿ* det vanlege i islandsk skrift, t. d. i fragmenti av den legendariske Olavssaga i Det norske riksarkiv (no. 52) fraa 1230—1240 (Olfr.), bladet av Kringla, Staðarhóls-handskrifti av Grágás Am. 334 fol. (GrSt.), hovudhandskrifti av Den eldre edda i k. g. s. 2365 Kjøph. (Edda) og dei islandske hender i Hauksbók.

Av dette dreg eg ut: fraa den eldste tid me hev latinsk skrift, hev dei i Norig bruka angelsaksisk *f* (*ƿ*), i Trøndelag fraa umkr. 1150, paa Austlandet fraa umkr. 1210, paa Nordvestlandet fraa umkr. 1175. Fraa Sudvestlandet hev me ikkje skrifter eldre enn umkr. 1230 (Otrd), og daa raakar me ogso der angelsaksisk *f* (*ƿ*). Umkring 1200 og i den fyrste fjordepart av det 13de hundr. hev der dessutan paa Vestlandet og i Nidaros vore skular (Benediktinkloster?) som hev bruka *f* og til deils *f*. — Paa Island hev dei i det 12te og fyrstningi av det 13de hundr. bruka latinsk *f* (*f*), til dess angels. *f* (*ƿ*) trengjer seg inn i det 2dre og 3dje tiaaret av det 13de hundr. og vert sidan det vanlege ogso i islandsk.

I den eldste trøndsk (Legfr.) vert den klangføre gutturale spirant 3 gonger skriven *hg*: P. *fæhgin* 824_{28} *lahgum* 824_{37} *sæhgia* 824_{15}, men elles berre *g* i denne handskrifti liksom i alle dei trøndske skrifter som er nemnde i umrøda av *f*, so nær som i den vestlandsblanda Bjark. (1250), og Tgildsk. (1300) som hev *gh*. Ogso dei trøndske diplom hev berre *g* til aaret 1297; daa raakar me eit brev fraa Tautra med *gh*. I trøndske brev etter 1303 finn me *gh* jamt i eino (G. Tr. § 18, merkn. 5).

I austlandsk finn me derimot *gh* i alle dei handskrifter som vart upprekna i umrøda av *f*. — I skrifter fyre 1300 er skrivemaaten av denne ljoden eit skilmerke millom trøndsk og austlandsk skrift, som elles i denne tidi er so like at dei ofte synest vande aa skilja.

I den eldste nordvestlandske skrift Munk. vert den gutturale spirant skriven *h* i: *Bærhe*$_{15}$ *Tohnenge*$_{15}$ *Biarhastoþlum*$_{16}$ *sohn sæ*$_{19}$ *Lyhris-ƿirþi*$_{29}$, men millom vokalar 2 gonger *g*: *Steinavage*$_{1}$ *ertogar*$_{3}$. Sidan vert liksom i trøndsk skrive *g* i dei eldste skrifter: Gfr. I; Gfr. II; Hom. I, II; Gfr. III; G; sameleis i Skraa for eit Olavsgilde i Gulatinglag, prenta i Ngl. V, 1ste hefte s. 7 ff. etter ei avskrift av Arne Magnusson fraa umkr. 1300 (Ggildsk), og like eins i eit fragment av Kongespegelen i Geheimearkivet i Kjøph. fraa umkring 1300 (Kgsfr. III). Fyrst etter 1300 finn me *gh*; soleis no og daa i NGul. og noko oftare i Bbyl.

I sudvestlandsk vert skrive berre *g* i alle dei skrifter som er nemnde ovanfor under *f*, undanteke nokre faa, som straks nedanfor skal verta umrødde. Berre *g* finn me og i Elis saga ok Rosamundu Ups. Delag. 4—7 fraa umkr. 1250 (Elis). Dei skrifter som her gjer undantak og hev

mykje *gh*, er Thomas og Kgs. som er fraa tidi burtimot 1300, Hbv. III sjeldan (*ęighe* 440_{38}); hertil kjem hovudhandskrifti av Borgartings nyare kristenrett k. g. s. 3261 qv. Kjøph. umkring eller fyre 1350 (NBorgkrist) som ogso hev *gh*; sameleis NBorg.

Av diplomi fraa Vestlandet finn me dei eldste og fleste fraa Bergen og Stavanger. Tek me undan kongebrevi, skrivne av klerkar fraa alle kantar, hev dei eldste Bergensbrevi fraa 1266—1300 (inkl.)[1] berre *g*; det fyrste Bergensbrev som hev *gh* er D. N. II 67 fraa 1303. — Dei tvo eldste Stavangerbrev D. N. I 63 (1270), I 70 (1280) hev *g*; fyrste gong me her raakar *gh* er i D. N. V 16 (1286). — Fraa bygderne i Gulatinglag hev me berre tvo brev eldre enn 1300: D. N. IV 6 (Aga 1293), I 81 (Eikeland 1292); desse hev *g*. Fraa fyrstningi av det 14de hundr. og frametter finn me brev snart med *g* og endaa oftare med *gh* fraa alle bygder i Gulatinglag.

Hjaltlandsbrevet fraa 1289 hev *g*; men det næste fraa 1307 (D. N. I, 109) hev *gh*; dei andre diplom fraa Hjaltland er alle yngre enn 1350 (og hev *gh*) — Fraa Orknøyarne hev me tri brev eldre enn 1350: D. N. II 168 (1329), II 170 (1329), ? IV 200 (1332); dei hev alle *gh*.

I islandsk skrift vert bruka berre *g* gjenom heile det 12te og 13de hundr. I fyrstningi av det 14de hundr. ovrar *gh* seg i diplomi, t. d. *lagh* D.Isl. II 220 (Auðun Hólab. 1315), og umkring midten av det 14de hundr. er *gh* ikkje sjeldsynt i islandsk skrift, t. d. D. Isl. II 509 (1344), 510 (1344).

Av dette dreg eg ut: I trøndsk og austlandsk og nordvestlandsk hev det alt i den eldste tid vore gjort freistnad med eit serskilt teikn for den klangføre gutturale spirant, i trøndsk *hg* (*lahgum*), i austl. *gh*, og i nordvestl. *h*. I sudvestlandsk (Hom. III a og Otrd dei eldste[2]) og i islandsk finn me berre *g* i den eldste tid. Freistnaderne med eit serskilt teikn synest alt umkring 1200 aa vera uppgjevne allstad so nær som i austlandsk, der dei hadde valt *gh*. Fraa austlandsk trengjer i slutten av det 13de hundr. teiknet *gh* seg inn i heimenorsk skrift allstad, og i fyrstningi av det 14de hundr. syner det seg ogso i islandsk.

Bokstaven *r* vert i den eldste trøndske skrift Legfr. oftaste skrive paa angelsaksisk vis *ɲ* og stundom *ꝛ*, t. d. *pældiɲꝛ* Heil. I 270_{31}, og etter *o* : ꝛ. Den fyrste av desse *r*-typar hev eg ikkje sét i nokor onnor norsk skrift; men etter Wadstein s. 7 finn ein »stundom« i

[1] 6 brev: D. N. II 13 (1266); V 14 (1285); III 37 (1296), I 88 (1298); II 46 (12[illegible]); II 58 (1300).

[2] Korleis det hev vore i den eldste tid i sudvestlandsk kann me soleis ikkje sjaa. Hom III a er truleg ei avskrift (fraa 1220 eller fyrr), men uvanleg grannvar, av eit eldre sud- vestlandsk fyrelegg.

Hom. »en den ags. *r*-formen liknande typ« som han segjer er den same som denne i Legfr. I Legfr. er denne formi den regelrette og ber vitne um denne handskrifti sin høge alder. Den andre formi *ɼ* er saman med *r* den vanlege i trøndsk skrift til burtimot 1225, daa *r* fær yvertaket, medan *ɼ* likevel kjem upp no og daa i handskrifterne gjenom mesta heile det 13de hundr. t. d. Tüb. og Ffr. II, III. Etter *o*, sidan ogso etter ǒ ofl., vert bruka ꝛ, so nær som i Ben. I, II, som ogso i desse høvi brukar *ɼ*.

I austlandsk finn me *ɼ* og *r* mykje um kvartanna, alt fraa Filip, som hev *ɼ*, til Tunsb. som hev baae former. Like eins vert ꝛ bruka etter *o*. I Nikolas berre *r* og ꝛ. I Borg., som i vanlege høve hev *ɼ* og *r*, vert *r* etter *o* ofte skrive 3 (umfram ꝛ), og dette teiknet 3 finn me i det 14de hundr. paa mange stader.

I den eldste nordvestlandske skrift finn me berre i Munk. *ɼ* (blanda med *r*); dei andre skrifter hev berre *r* og i visse høve ꝛ, ein bokstav som Munk. ikkje kjenner. I sudvestlandsk hev eg notera berre *r* og ꝛ i alle under *f* nemnde skrifter, undanteke Didr. III, som jamsides med *r* brukar *ɼ*.

Hjaltlandsbrevet (1289) hev *r* og *ɼ*.

Den eldste islandske skrift hev *r*, t. d. Rm. I og Lhom. *ɼ* hev eg ikkje funne fyrr enn i Hfr. II (umkr. 1225), og no og daa etter den tid, soleis i Olfr. og Edda. ꝛ er brukeleg i islandsk skrift alt fraa Rm. I; i sume skrifter synest det som han ikkje finst, t. d. Lhom. etter faksimilet, El., Rm. II ofl.

Um *r* er det soleis i det heile aa segja: den eldste heimenorsk hev bruka angelsaksisk *r* (oftast *ɼ*, sjeldan *ɲ*) jamsides med latinsk *r* (*r*) i austl. trøndsk og nordvestl.; sudvestlandsk fraa 1230 (Otra) hev berre *r*. I nordvestlandsk vik den ags. *r* (*ɼ*) for *r* alt fyre 1200, men held seg i austnorsk, best i austlandsk. Islandsk hev bruka *r* til umkr. 1225; etter den tid vert *ɼ* no og daa bruka jamsides med *r*.

Serleg forvitneleg er den soga som dei gamle skrifter kann fortelja oss um teikni for dei dentale spirantar, i normaltekst skrivne *þ* og *ð*.

I G. Tr. er upplyst at det regelrette i trøndsk er at *þ* vert bruka i framljod for den klanglause spirant — i pronominale ord ogso for den klangføre —, medan *ð* vert bruka for den klangføre i innljod og utljod, som det no er vanlegt i tekstutgaavor. At *þ* vert bruka i staden for *ð* i innljod er berre notera for 3 brev fraa det 13de hundr. (i alt 4 gonger), og tvo fragment av den eldre Frostetingslog — Ra. 1 C IV og Am. 315 K. (Ffr. IV) — fraa slutten av det 13de hundr. som hev mykje av det. Men brevi hev fleire vestlandsmerke, t. d. ljodbrigde av *a* framfor halden *u*; og dei tvo fragmenti, skrivne med ei og same hand, hev ogso

fleire utrøndske merke, t. d. infinitivar *bœtæ, skiærþæ,* former som *hinn nestæ manað,* asg. og *til rættær sins,* gsg., som er austlandsmaal med vestlandsk skrivemaate, men ikkje trøndsk. Me kann soleis trygt segja, at *þ* er ukjend, aa kalla, utanfor framljod i egt trøndsk skrift.

I den eldste austlandsskrift — Filip, Nikolas, Borg. og i diplomi til 1320 er tilstandet med umsyn paa bruket av *þ* og *ð* heilt ut som i trøndsk. Korleis det er i austlandsbrev etter 1320 hev eg dessverre ikkje enno havt tid til aa røkja etter; men i denne samanheng hev det ikkje mykje aa segja.

Annarleis naar me kjem paa Vestlandet. Alt paa Sunnmøre møter me skrivemaaten *Berþorson* so langt ned i tidi som i aaret 1400 (D. N. III 552_{18}), endaa dette namnet alt i gnorsk tid hev fenge formi *Berðor,* som det ogso vert skrive paa Sunnmøre 1344 (D. N. V 171: *Berdorssun*); der er likevel etymologiske grunnar for *þ* i dette ordet, so *þ* her ikkje kann hava so mykje aa segja. Men paa vakstavlorne fraa Hoprekstad skriv den eldre handi (fyre 1300) allstad *þ* for *ð,* t. d. *viþ, aþra, heraþe, barþe* (D. N. XIII 2, s. 3_{32-41}) so nær som i eit misskrive ord *þorðergr* (for *þorgerðr*); stykket hev vanleg norsk vokalsamklang og andre merke, som skil det ut fraa islandsk maalføre; det nemner personar paa gardar i Hordaland, Voss og Hardanger, og inneheld uppteikningar um ymse tilburdar paa desse same kantar av landet. Ogso i andre gnorske diplom fraa Voss og Bergen finn me stundom *þ* for vanleg *ð,* soleis *kærðþe,* 3si av kæra (D. N. X 458; Voss 1341), *hundraþ* (D. N. V 14; Bergen 1285). I eit udatera diplom fraa Hardanger som utgjevarane set til umkr. 1320, men som truleg er eldre, er *þ* gjenomførd for vanleg *ð*; t. d. *æþa, yþar* (ɔ: yðr), *vitnis burþar* (D. N. VII 70), og i tvo andre diplom fraa det 14de hundr. raakar me paa former som: *edþa, Halvarþar, hafþe, jarþar* ofl. (D. N. IV 506; 1377. — XII 110; 1380). Ogso fraa Lista so seint som 1435 les me: *hørþum, frelsaþ* ofl. (DN. VII, 394 og 395).

Det er ikkje berre i diplomi fraa Vestlandet at dette ovrar seg. I Ggildsk. er *þ* gjenomførd aa kalla for *ð*; t. d. *guþi, manoþum, æþa* osfr. Skraai hev ljodsamhøve i endingar og alle heimenorske merke og maa vera fraa slutten av det 13de hundr. I eit fragment av Landslogi — NGulfr. II — fraa umkr. 1300 er der far etter denne skrivemaaten i *vdaþa* (Ngl. IV, s. 152_3), og i eit endaa eldre fragment av same logi — NGulfr. I — hev skrivaren bruka vel so mykje *þ* i innljod og utljod som *ð,* t. d. *æþa, viþ, bæþi, hofþingi* (Ngl. IV s. 139 ff.). Soleis er det og i mange gamle handskrifter av sogor, som eg meiner aa kunna prova er skrivne eller avskrivne i maalføre fraa sudvestkanten av landet fraa Sognefjorden og sudetter, Vest-Telemark og Raabygdelag medtekne: Otra (ofte), Elis,

Karlm., Brand., Thomas, og Kgs. (sjeldan). Men allermerkelegast er Munk., som utan tvil inneheld den eldste skrift me no kjenner fraa Vestlandet. I dette diplomet som hev vanleg norsk vokalsamklang (*Straumi*, *Bærhe*) og alle heimenorske merke elles, finst ikkje *ð*, men *þ* vert bruka for baae ljodar.

I andre vestlandske skrifter (sogor, homilior, diplom) enn her er nemnt, vert *þ* og *ð* bruka som i austnorsk. Dei eldste av desse skrifterne er fraa Nordvestlandet, t. d. Gfr. I, II, og G.

Dei eldste islandske handskrifter Rm. I, Lhom., Rb., Grfr. I, Pl., H., El., alle fraa tidi fyre og umkring 1200 brukar *þ* baade i framljod og elles, liksom det eldste vestlandsdokument i Norig. *ð* er ukjend so nær som i Grfr. I, som brukar *ð* i staden for *de*, t. d. *lanð* ɔ: *lande*; skrivaren hev soleis paa ein maate kjent teiknet, men ikkje skyna det og trutt at det hev vore eit avstyttingsteikn for *de*. I Rm. II (umkr. 1206) vert ogso bruka berre *þ*; der hev fulla vore tvil um dentalen i ordet *virðo*, men krullen paa ð'en i dette ordet er berre den nedste svingen paa langstaven i *þ* som stend i lina ovanfor. Um Skipti (Tingøyre, umkr. 1200) er det tala fyrr i umrøda av *f*; naar dette diplomet hev *ð*, er det berre eit av dei mange merke paa, at diplomet er skrive etter eit heimenorsk mynster. Fyrst umkring 1220—1225 (Hfr. I og II, Rm. III) finn me *ð* bruka paa same maaten i islandsk som i annan norsk. Men langt ut i det 13de hundr. vert *þ* og *ð* ofte bruka um kvartanna i islandsk i innljod, og endaa lenger kann ein sjaa merke etter dette bruket.

Den skilnad i rettskrivning paa dette punkt millom heimenorsk (altnorwegisch) og islandsk som i Noreens grammatik³ § 22 vert forma so: »*þ* wird (in altn.) fast nie im in- und auslaute gebraucht, während es in aisl. hdschr. in dieser stellung entweder ausschlieszlich oder neben ð vorkommt«, viser seg soleis aa gjelda millom austnorsk og vestnorsk, ikkje millom all heimenorsk og islandsk.

Utdraget av denne etterrøknaden vert daa dette:

Fraa den eldste tid gjer all austnorsk skrift skilnad millom *þ* og *ð*. Dette er ogsaa det vanlege i vestlandske diplom, som alle er yngre enn 1260, og i fleire vestlandske, serleg nordvestlandske bøker. — Men i den eldste vestlandskrift, i fleire yngre vestlandske skrifter, og i den eldste islandsk til burtimot 1225 vert det skrive *þ* baade i framljod, innljod og utljod, og i mange islandske og sudvestlandske skrifter fraa det 13de hundr. vert *þ* og *ð* bruka um kvarandre utanfor framljod.

Eg kann ikkje forklaara dette paa annan maate enn at trønderne (og austlendingarne) den tidi dei lærde aa skriva paa morsmaalet hjaa engelsmennerne, hev teke upp med eingong baade *þ* og *ð* med den etter-

alfredske skilnad i bruket (*þ* i framljod og *ð* i innljod og utljod)[1]. Paa Vestlandet i Norig hev det derimot vore skular som hev nøgt seg med *þ*, eller det hev i den eldste tidi vore aalment aa bruka teiknet *þ* for baae ljodar, liksom i den runeskrifti dei hadde fyrr dei fekk latinsk skrift. Ein utvilsam vitnesburd um ein slik gamall skule hev me i Munk. fraa det 12te hundr. Sume stader i fjordbygderne paa Vestlandet hev denne gamle skrivemaaten halde seg til kringum 1300, og elles paa mange stader i vestlandsk skrift sett merke etter seg. Men i det heile hev denne ufullkomne skrifti alt fyre 1200 paa Vestlandet teke til aa vika for den fullkomnare austnorske, som me ser av dei eldste fragment av den eldre Gulatingslog. Paa Island, der dei likeeins i den eldste tid let seg nøgja med berre *þ* for baae ljodarne, hev dei teke til med den fullkomnare skrifti fyrsta burtimot 1225.

At vestlendingen og islendingen hev havt den same ufullkomne skrivemaaten av dei dentale spirantar, er visst ikkje berre eit hende. Kunde me gaa ut ifraa at vestlendingen og islendingen — i motsetning til trønder og austlending — uttala baade *þ* og *ð* som *þ*, vilde dette vera den lettaste forklaaring. Men eg ser ingen grunn til aa tru dette; det strider mot heile maalvokstren, so me lyt finna ei onnor forklaaring. Dei kann kvar for seg ha tenkt sameleis: at dei var hjelpne med *þ* for baae ljodar. Men rimelegare er det vel at der hev vore ein samanheng, og daa synest dei sterkaste grunnar aa tala for at islendingen i dette stykke hev fylgt eit mynster i heimlandet, paa same vis som det etter denne utgreidingi maa vera klaart at han hev gjort med umsyn paa skrivemaaten av fleire andre teikn. Og dette mynstret kann han ikkje ha funne andre stader enn paa Vestlandet. Daa so vestlendingen sidan tok upp *ð* for den klangføre spirant, varde det ikkje lenge fyrr islendingen ogso saag at dette var laglegare og slo so inn paa same vegen. At umvendt vestlendingen skulde ha lært denne skrivemaaten hjaa islendingen, synest mindre trulegt, med di det strider mot dei loger for vokster og umskifte som elles gjeld paa denne umkverven[2], og i det heile mot den kjennsgjerning at kristendom og skrivekunst kom fyrst hand i hand til Norig, og gjekk sidan hand i hand herfraa til Island. — I denne utgreidingi um *þ* og *ð* er ikkje medteke skrifter som tydeleg viser blanding av islandsk og eitkvart anna maalføre. Fragmenti av Jøfraskinna, som er ei sudvestlandsk avskrift av

[1] Sjaa King Alfred's West Saxon Version of Gregory's Pastoral Care (Henry Sweet, London 1871), Appendix I, serleg s. 499 ff.

[2] Det er sjølvsagt at hermed ikkje er meint at islandsk ingen paaverknad hev havt paa heimenorsken. Tvertum hev der vore ikkje lite verknadsskifte. Men røterne til det som hev vakse upp paa Island, finn me oftast i Norig.

ei islandsk bok hev ofte *þ* for *ð*; men her kann *þ* vera paaverknad fraa grunnskrifti; Aagrip, som etter min meining er ei islandsk avskrift av ei austnorsk bok. brukar stundom *ð* paa reint trøndsk vis i ljodknippet *nd*: *lanðc* ɔ: *lands.*

Endaa eit konsonantteikn treng umrøda, teiknet for *v*.

I trøndsk skrift vert det bruka ags. *v* (*ƿ*, ven) fraa den eldste tid (Legfr.) og gjenom heile det 13de hundr.[1], i Didr. II og Tgildsk. blanda med *v*. — I austlandsk finn me like eins *ƿ* fraa den eldste hdsk. Filip til Kgsfr. IV (umkr. 1300); fyrst umkring og etter 1300 dukkar det upp *v*, t. d. Agatha, Tunsb.

I nordvestlandsk finn me ogso *ƿ* i mest alle eldre og yngre skrifter, fra Munk. og til Bbyl. (fyre 1350). Men ei gamall handskrift Gfr. III fraa tidi fyre 1250 hev oftast *v*; ogso NGul. hev *v*.

I sudvestlandsk vert *v* (*u*) og *ƿ* bruka um kvartanna i Otra, Kgsfr. II, Thomas, Didr. III, Kgs., NGulfr. II, medan Otrd., Str. I, II, Karlm. NGulfr. I brukar berre *ƿ*, og Stav. (1270), Brand., NBorg. Hbv. I, II, III hev *v* (eller *u*); *v* hev ogso D. N. I 70 (Stavanger; umkr. 1280) og D. N. I 94 (Eikeland; 1292).

Den eldste islandske skrift Rm. I, Lhom. ofl. hev *v* (eller *u*). Soleis ogso Rm. II, undt. i innskotet som fyrr er umrødt, i *ƿirdo* 25 og *fƿr* 15 (for *fyr*![2]), der det i faksimilet ser ut som um det baketter er hekta ein krok paa ein latinsk *v*; like eins Rm. III. Fyrste gong angelsaksisk *v* ovrar seg i ei islandsk handskrift er vel i eit lite stykke i Rb. (Larssons utg. sid. 7_8—8_6), som hev 2 gg *ƿ* for *v*; elles hev boki *v*. Angelsaksisk *v* (*ƿ*) finn me saman med *v* (eller *u*) i H, Ph. II (ikkje i I), Frgm. I (etter norsk fyrelegg, Noreen), Frgm. II og VII, Hfr. II, Aagrip III, Olfr. (*ƿ* 1 g) og stundom i yngre skrifter: Kringla og Edda, ofte med ei form som kann giera det tvilsamt um det er angelsaksisk *v* som ligg til grunn, eller um det berre er ein sereigen skrivemaate av den latinske *v*.

Etter dette hev ags. *v* (*ƿ*) vore bruka i den eldste skrift i trøndsk og austlandsk og nordvestlandsk og halde seg godt der. I nordvestlandsk finn me likevel far etter ein gamall skule som hev bruka latinsk *v*, og i sudvestlandsk hev der vore skular som hev skrive latinsk *v*, andre som hev skrive ags. *v* (*ƿ*), og sume som hev blanda teikni. Paa Island hev dei i den eldste tid skrive latinsk *v*; men tidleg — alt i fyrstningi av det 13de hundr. — hev dei teke til aa blanda skrifti med ags. *v* (*ƿ*), som likevel aldri naadde fram til vanlegt bruk paa Island.

---

1 Utgreidingi her er bygd paa dei same hdsk. som fyrr (serleg under *f*) er nemnde.

2 Rm. II hev elles alltid *v* for *y*.

Fyrr eg gieng yver til vokalarne, vil eg segja eit par ord um formerne for *d*.

I den eldste trøndske (Legfr.) vert skrive *d*; men alt i Nid. *d* og ð; sidan er ð det vanlege so nær som i Fsk. *d* og Ol.s *d* og ð. — I austlandsk skriv dei ð alt i dei eldste diplom Filip, Nikolas, men Borg. blandar *d* og ð. Sidan er det ð.

I nordvestlandsk hev Munk. *d*, Gfr. I, Hom. II og Gfr. III blandar; elles er det berre ð. I sudvestlandsk er der ð i alle skrifter, so nær som Otra og Karlm. som blandar *d* og ð.

Dei eldste islandske skrifter hev *d*: Rm. I, Lhom., Ph. II, Rm. II, Frgm. I; men alt i Rb., Pl., H og El. er teikni blanda, og endaa lenge etter ð hev fenge heilt yvertaket, raakar me no og daa paa *d*, t. d. i Edda (*d* og ð).

Ogso med umsyn paa skrivemaaten av sume vokalar kann det vera noko aa merka. Det var ei meinsemd med den eigenlege latinske skrift og mykje ogso med den angelsaksiske, at der ikkje var greide teikn for sume av dei ljodbrigda vokalarne, t. d. *ø*-ljodarne. Men ogso elles kunde der vera tvil og rom for val millom fleire teikn, og me vil daa røkja etter korleis dei stelte seg i slike høve paa dei ymse stader[1].

Ljodbrigdet av stutt *a* ved *i* vert i den eldste heimenorsk i alle landsluter skrive *æ* eller *e*, ofte um kvartanna, men i det heile so at trøndsken brukar mest *æ*, t. d. Legfr., Tüb., medan austlandsk og serleg vestlandsk hev meir *e*, t. d. Filip, G, Elis. Baade i aust og vest finn me tidleg ogso ein serskild type for denne ljoden, det er ę i Borg., Kgsfr. I, Hom. III b (*hęfia* 21 11), Gfr. I og Hom. I, II. I den eldste islandsk er *æ* sjeldsynt for ljodbrigde av stutt *a*, men finst (t. d. i Rb.); det regelrette her baade i eldre og yngre skrifter er *e*, (t. d. Rm. I, Olbr., Kringla); jamsides med *e* finn me alt i den eldste skrift ę, t. d. i Lhom., og denne typen vert bruka i ymse skrifter i det 13[de] hundr.

For *i*-ljodbridget av lang *a* (*á*), i normalskrift oftast *æ* (Noreen betre: ǽ) finn me i det heile same teikn som for den stutte *a*, — ofte med aksent, helst i islandske skrifter, men ogso i heimenorske, — t. d. ǽ: i Legfr., Ben. I, Hom. III b; Munk., Hom. II; Otra; Lhom., Rb., H, Olfr., Kringla; ę i Hom. II, Gregor, Legbrot, Olfr. ofl. Elles vert *æ* bruka mest i heimenorske skrifter, ę mest i islandske. — Av andre typar finst *e*ⱼ i sudvestlandsk og islandsk, men sjeldan: Karlm., El.

---

[1] Aksentbruket er ikkje medteke i denne umrøda; det fær her vera nok aa segja at det er kome fraa England, og at me finn det i norsk skrift fraa alle stader, mest paa Island.

Alle dei typar som her er nemnde, finn me i eldre baade latinsk og angelsaksisk skrift.

Den stutte *i*-ljodbrigda *o* vert i den eldste trøndsk og austlandsk: Legfr., Ben. I, II, Filip, Nikolas, Borg. skriven *œ*, sidan ogso ofte *œ*, *o̓*, som er same teiknet berre med opi lykkja, t. d. Didr. I, som skifter med *o̓*, i hdskr. 4_{17}, 5_{20}, 7_{17} og *œ* 6_{24}. I Hom. III b *ø* (*køm* 212_{34}).

I vestlandsk finn me fleire teikn. I det eldste dokument Munk. vert skrive *ø* (i tviljoden *øy*); like eins ofte i Hom. I, II. Etter ein annan gamall skrivemaate *eo* finn me far i G, som nokre gonger hev *keœmr*, t. d. c. 205_2. Det gamle fyrelegget hev venteleg havt *keomr*, som avskrivaren (umkr. 1250) ikkje hev funne tidhøvelegt, og som han difor jamnaste hev retta til *kœmr*; men sume stader hev *e*, som stod framfor *o*, vorte standande framfor den nye *œ*; sjaa under lang *ø* her straks nedanfor. Elles er ogso i vestlandsk skrift *œ*, *o̓* det vanlege, t. d. Gfr. I, II og Thomas, Didr. III osfr. Kgsfr. II hev *ǫ*, *ø*.

Den eldste islandsken brukar for denne ljoden helst *ø* Rb., Grfr. I, Pl., H, El., Gregor, Olfr; ogso i yngre: Kringla, Edda?[1]. I den eldste islandsk finn me ogso *eo* (*eó*): Lhom., H, og endaa berre *o* (*ó*): H, El. — Fleire andre teikn vert ogso bruka i isl. for denne ljoden: *ǫ* (*ǫ́*) Frgm. III, V, VI, VIII, Hfr. I, Aagrip, Edda; *ǫ* (fulla berre eit avbrigde av *ǫ*) Hfr. II; *o̓* (sjeldan) Kringla 2_{30}, Edda 12_{16} 17_2; endeleg nokre meir samansette: *ǿ* Frgm. II (etter Unger), Kringla, Edda. *ǿ* Kringla; *av* Pl.; *aʋ*, *av*, *aú* Aagrip.

Den lange *i*-ljodbrigda *o* (Noreen *ǿ*) vert i trøndsk oftast skriven *œ*, *o̓* liksom den stutte; soleis Legfr., Ben. I, Skule, Fsk. (ogso med aksent *ó̓*), Haakon II, Tüb., Didr. I, II ofl.; ogso *'o* Haakon II, Tgildsk. — Hom. III b hev *ø* (*høsto* 210_{28}); ogso Ffr. II hev *ǿ* jamsides *œ*; Ben. II *æ* (*bræðr* ofl.) og *ǫ* (*æmbǫti*).

I austlandsk finn me *œ*: Filip, Borg., Barl., Kgsfr. IV, og yngre *o̓* Tunsb.

I vestlandsk vert bruka *ø* (*ǿ*) i Hom. II; i Munk. er der ikkje noko døme[2]. Elles er den vanlegaste formi i vestlandsk *œ*, *o̓*, t. d. Gfr. I og II, Hom. I og II, Otra, G, Str. I og II, Stav., Karlm., Thomas, Didr. III, Hbv. I, II (*o̓* og *œ*), III (*o̓*). Kgsfr. II hev etter avtrykket i Brenner *ǿ*, *ǫ́*; smlk. avskrifti av Jons Kristenrett i Am. 1154 fol. med *ǫ̂* for lang *ø*, truleg sunnhordsk fraa 1ste helvti av 15de hundr. — Merke etter eit eldre teikn *eo*

[1] Sjaa Haandskriftet Nr. 2365 qv. gl. kgl. Samling (fototypi) Kjøph. 1891, s. XXX.

[2] Avtrykket i D. N. XVI s. 2_6 hev *Leornaland*. Men i manuskriptet stend *Icornaland*; med seinare hand (bleikt blekk) er der sett eit strik yver den øvste bogen i *c*. Garden heiter no Igland.

finn me i Hom. II 74[19] (W): *greot(e)* for *grøte* (sjaa Wadstein, § 17), og i G, som sume gonger hev blandingstypen *eœ* i ord som *beœta*, t. d. 15[10] (sjaa straks ovanfor under stutt *ø*). Smlk. ogso *fatiokia* for *fateokia* i Hom. III b 212_{13}. I Hom. I, II finst ogso merke etter *o* for *ø* (Wadst. § 8, i).

I islandsk hadde dei mange maatar aa skriva denne ljoden paa. I dei eldste handskrifter finn me ikkje sjeldan *o*, *ó*: Rm. I, Pl., Rm. II, Frgm. III—V, VIII; i sume ogso *eo*, *eó*, *éo*: Lhom., Rb., Pl., H, Legbrot; men elles er *ø*, *ǿ* mest bruka i islandsk skrift, soleis i: Rb., Grfr. I, Pl., H, El., Phys. II, Legbrot, Grfr. II, Frgm. I, III—V, XXIII, Olfr., Kringla, Umfram desse teikni finn me ogso:

ǫ, *ǫ́* i Legbrot, Frgm. II (ved Unger) V, VIII, Hfr. I, Kringla og Edda, og avbrigdet *ǫ* i Lhom., *ǫ* i Hfr. II; *œ* i Frgm. VI; framleides nokre meir samansette teikn *ǿ* Frgm. VI, Frgm. VII, Kringla; *aø* Pl.; *ω*, *áı* Aagrip (smlk. Ben. II, trøndsk).

Det er lett aa sjaa av dette at dei gamle hev vore ikkje lite uppraadde med aa finna eit laglegt teikn for *ø*-ljoden; difor dei mange skrivemaatar. Men hovudvegjerne synest ha vore desse: austnorsken hev uppteke fraa angelsaksisk *oe*, som i ags. stundom vart skriven for *i*-ljodbrigdet av *o*[1], jamsides med *eo*. *oe* hev i austn. vorte samanskriven til *œ* og det tarvlause nedstriket paa *e* i den samanskrivne bokstaven stroke (*œ*). — Paa Vestlandet og paa Island hev dei — etter dei eldste skrifter aa døma — fylgt andre vegjer. I den eldste vestlandske skrift raakar me soleis paa *ø* (Munk. og Hom.), som me i angelsaksisk finn alt i Ælfric's skrift, og like eins er der i vestlandsk merke etter *eo*, som ogso er angelsaksisk sideform til *oe*; baae desse formerne finn me i den eldste islandsk, og *ø* er den typen som der fekk den breidaste "sess. Naar me i sume av dei eldste skrifter paa Island — ikkje i alle, og ikkje i den allereldste, Lhom. — dessutan finn *o* bruka for *i*-ljodbrigdet av *o*, liksom i Hom. nokre gonger, peikar dette paa gamle skular vestanfjells i Norig og paa Island, som ogso i dette stykke hev bygt paa den latinske skrift og ikkje nytta ut den fyremunen angelsaksisken her hadde.

Den austnorske formi *œ*, med avbrigdi *o'*, *œ*, *'o* hev alt fyre 1200 trengt seg inn ogso i vestlandsk, og vert snart allraadande i heimenorsk. Hjaltlandsbrevet (1299) hev *o'*. Paa Island er denne typen derimot sers sjeldsynt; han hev vore kjend der i fyrstningi av det 13de hundr. (Frgm. VI) og syner seg sidan ein hende gong, men vann ikkje inngang. Grunnen til dette er kanskje den, at dei paa Island bruka meir aksentar enn her heime og difor kunde vera brydde med dette teiknet med ein hake upp til

[1] Greg. Past. Care; Introd. p. XXVIII (Henry Sweet; London 1871).

høgre (eller vinstre), som stundom sjølv kunde likna ein aksent. Denne typen *ꝏ*, *ꝏ* er difor eit godt skilmerke millom heimenorsk og islandsk skrift.

I-ljodbrigdet af *u* (*y*, *ý*) vert skrive *ẏ* i mest alle trøndske, austlandske og nordvestlandske skrifter; merke etter ein gamall skrivemaate *u* finn me no og daa i Hom. (Wadst. § 12, e). Det er ogso mykje bruka i sudvestlandsk skrift; men dei som i staden for angelsaksisk *v* (*ƿ*) brukar latinsk *v* (eller *u*), læt ofte vera aa setja prikk yver bokstaven, so han fær likskap med angelsaksisk *v*; soleis Otra (*y* og *ẏ*), Didr. III, NGulfr. II (*y*, *ẏ*, og endaa *y* for *v*!), Hbv. III (*ẏ*, y), NBorg. Ogso Tunsb. skriv *y* og *ẏ*. — Hjaltlandsbrevet (1299) skriv *ẏ*. — I islandsk skrift, baade i den eldste og den yngre, t. d. Lhom., Rm̄. I, Pl. ofl. Kringla, Edda, vert det like eins jamnaste skrive *ẏ*. Men her finn me *u* (eller *v* eller *y*) endaa oftare i staden for *ẏ* enn i heimenorsk. Soleis i Rm. I *ú* (*fúlger*; eller *ẏ*), Pl., H., El., Rm. II, Gregor, Frgm. II—VIII; Hfr. I; Hfr. II; Aagrip (*v* og *y*); Olfr. (*y*, *ý*, *v*).

Ogso bokstaven *y* si soga synest visa, at der paa Vestlandet i Norig og paa Island hev vore gamle skular, som hev nøgt seg med det latinske teiknet for ein upphavleg vokal (her *u* eller *v*) til aa skriva *i*-ljodbrigdet av vokalen (her *y*): Men dette hev vorte retta paa tidleg allstad, baade i Norig og Island.

U-ljodbrigdet (og *v*-ljodbrigdet) av stutt *a* (i tekstutgaavor og hjaa Noreen *ǫ*) kann me i den eldste gamalnorsk fraa alle stader finna skrive *o*, t. d. Legfr., Filip, Munk., Otra., Rm. I. Dette er ogso mykje brukelegt sidan, ikkje minst i heimenorsk skrift, der ljoden mangstad tidleg maa ha nærma seg til stutt *o* i uttalen.

Men det vantar heller ikkje serteikn for denne ljoden; soleis vert bruka:

i trøndske skrifter *ǫ* Ben. II (*þǫgn* 1 b1), *ꜵ*, *aꝩ* Bjark. Men oftast vert skrive *o*.

I austlandsk skrift *ao* Filip, *au* Filip (*gaurðúm*), Haakon I, Kgsfr. IV; *ó* Borg. (*ó*3 lin. 24), Tunsb.; *ou* Haakon I (*houfðu*), Kgsfr. IV.

I nordvestlandsk *ǫ*, *ꜵ* Hom. I, II; *ao* Hom. I; *ø* i *ørn* Hom. II, 475; *ó* og *ꝏ* G c. 159 ofl. og sjeldan *au* i G, Bbyl., NGul.

I sudvestlandsk *ǫ* Otra (1 g), Kgsfr. II; *ꝏ* Didr. III, NGulfr. I, Hbv. II; *ꝏ* Otra (sjeldan), NGulfr. I; *au* Otra (sjeldan), Didr. III, NGulfr. I og II, Hbv. II og III (sjeldan), NBorg.; *ou* NBorg.

I islandsk er det helst *ǫ* (med ymse avbrigde) og *ꜵ*, som vert bruka til serteikn for den her umrødde ljoden. Me finn ofte baae teikni i same handskrifti. Skrifter som hev *ǫ* (*ǫ́*, *ǫ*, *ǫ́*) er: Lhom., Rb., Grfr. I, Pl., H., Phys. II, Legbrot, Frgm. I, VI—VII, XIX, Hfr. I og II, Aagrip, Olfr.,

Kringla, Edda. I dei fleste av desse skrifter (alle? undt. Grfr. I, Frgm. VI, XIX, Hfr. I) vert ogso skrive *ꜷ*, *ꜵ* for denne ljoden; dessutan finst det sistnemnde teiknet i SkRegn., Gregor, Frgm. III, IV, VIII, XIII, Rm. III, GrSt., Hb. — Men umfram desse tvo teikn finn me: *ǭ* H; *ø* Pl., H, Phys. I og II, Legbrot; *ǫ̸* Pl.; og meir samansette *ao* Rm. I; *av*, *oa* Pl.; *au* Frgm. V, Aagrip; *ꜷ* Aagrip.

Ogso *u*-ljodbrigdet av lang *a* eller *á* (Noreen *ǿ*) kann me i skrifter fraa alle stader i gamalnorsk finna skrive *o* (eller *ó*); soleis Legfr., Haakon I (*ónne*, dsg. av *ǿ* ɔ: aa, elv), Borg., Gfr. I, Otra, Rm. I (Munk. og Filip hev ingi døme). — Umfram *o*, *ó* finn me ogso her serskilde teikn, soleis i trøndsk *ꜵ* Bjark., og i austlandsk *ou* Borg. (*houva*21); i nordvestlandsk finn me i Hom. dei same teikni[1] *ǫ*, *ꜵ* og *ao* som for *u*-ljodbrigdet av stutt *a*. I sudvestlandsk *ơ* Didr. III. Ogso i islandsk finn me mykje godt dei same teikni som vart bruka for normaltypen *ǫ*, men her oftare med aksent; soleis: *ǿ* (*ǫ*) og *ǫ* Lhom., Rb., H, ofl., Kringla, Edda; *ꜵ*, *ꜵ́* Lhom., Rb., H, Olbr.; *ǫ̸* Grfr. I; *ǫ̸* Pl., *ø* Pl., Grfr. II; *ơ* H.; *ao* Pl.; *ꜷ*, *ꜷ́*, *ꜵ́* Aagrip.

Dei fleste av desse teikni synest hava sitt uphav av *a* + *o* og *a* + *u* (eller *v*), som hev vorte samanskrivne. Me finn daa ogso *ao* i dei eldste skrifter Filip (*laogh*), Hom. (*Aollu* 213 W), Rm. I (*haorgs*) ofl. Ogso *au* er gamall skrift: Filip, Pl., Aagrip. *ao* hev daa vorte samanskriven til *ꜵ*, og *au*, *av* til *ꜷ*, *ꜷ*, som lett fall saman med *ꜵ*. Ogso typen *ǫ̸* i Pl. kann ha sitt upphav av *a* med eit langt siste nedstrik + *o*, samanskrive til *ǫ̸*, og av ein slik type kann ogso *ǫ* ha vakse fram. Fleire av dei andre teikni hev vel sin grunn i hjelpeløysa og i det, at ljoden hev lege nær eller kanskje endaa i sume maalføre tidleg falle saman med andre ljodar, t. d. *o*, *ơ*, *ꝍ* (i G.).

At me finn den mest fullkomne form *ǫ* alt i mange av dei eldste skrifter som Lhom. (*ǫ*, med haken i *ǫ* førd heilt upp under sjølve *o*'en), Rb. (*ǫ*), Hom., Ben. II ofl. tyder paa raske framstig i skrifti i slutten av det 12te og fyrstningi av det 13de hundr. Men kvar helst i maalvaldet og kva tid desse framstigi med umsyn paa teiknet for denne ljoden hev gjenge for seg, synest uraad aa faa greida paa; berre det kann me sjaa, at austlandsken her hev vore mest passiv og islandsken mest aktiv.

Til slutt nokre ord um skrivemaaten av tviljodarne.

au kann me finna skriven soleis i mesta all gamalnorsk, t. d. Legfr., Munk., Hom., Otra, Rm., Lhom. o. s. fr. Berre um den eldste austlandsk er det noko uvisst, med di dei eldste diplomi her Filip, Nikolas, Haakon I

[1] Med eller utan aksent; paa aksentbruket, som sjeldan er stødigt — minst i heime norsk skrift — er der i det heile ikkje lagt vegt i denne umrødingi.

ikke hev noko døme paa denne ljoden; men Kgsfr. I, Barl., Kgsfr. IV, Agatha, Tunsb. hev *aú*.

Men umfram *au* finn me ogso nokre serteikn. Soleis:

I trøndsk *av*, *ꜵ*, som er det vanlege teikn i Didr. II.

I austlandsk hev Borg. alltid *ou*; dessutom hev Kgsfr. I og IV *ou* jamsides med *au*.

I den eldste nordvestlandsk finn me ogso *ou* samsides med *au* i: Munk., Gfr. I, Hom. I og II. I den sistnemnde handskrifti vert ogso skrive: *av*, *ǫu* og *ꜵu* (aldri *ꜵu* i Hom. III).

I sudvestlandsk vert skrive *av* jamsides med *au* i Otra, Didr. III, NBorgkrist., NBorg.; i Hom. III a: *ou* (*broud*).

I islandsk finn me umfram *av*, som er tidgjengd der, ogso *ov* Pl.; *av* Rb., Pl., H, Phys. I ofl. *ꜵ* Kringla (jamsides *au*).

Den rettaste skrivemaaten skulde vel vera *ǫu* som Hom. hev (og med same meining *ou*, *ov*, i Munk., Borg., Pl.); men denne skrivemaaten vann seg ikkje fram.

Tviljoden *ei* vert trøndsk oftast skriven *æi*, baade i den eldste og i yngre skrift (G.Tr. § 18, 5): Legfr., Nid., Ben. I og II, Bjark., Ol.s, Tüb., Ffr. II og III, Didr. I, Tgildsk. Hom. III b hev *æi*, *ęi* og *ei*. I Skule og Fsk. *æi* og *ei*. Didr. II skriv *ei*.

I den eldste austlandsk vert det skrive mest *ei*: Filip, Haakon I, Borg., Kgsfr. I, Barl., Kgsfr. IV (i Borg. og Kgsfr. I finst ogso *ęi*); *æi* og *ei* i Nikolas, Agatha og Tunsb.

I den eldste nordvestlandske handskrifti Munk. vert bruka *ei*; soleis ogso i Gfr. III og G.; oftast ogso i NGul. i breidd med *æi*. Elles *ei*, *ęi* (og *æi*, 1? g) i Gfr. I; *ei*, *ęi* (sjeldan) og *æi* (oftast) Hom. I og II; *æi* i Gfr. II og Bbyl.

I sudvestlandsk vert tviljoden skriven *ei* i Hom. III a (*æi* 1 g), Str. II, Stav., Kgsfr. II, Brand., Hbv. I, (ogso, men sjeldan *ęi*, *æi*), Hbv. II og III; *ei* oftast ogso i Otra og Karlm. Elis hev jamnaste *æi*, som ogso oftast vert skrive i Otrd., Str. I, Kgsfr., NGulfr. I, NBorgkrist., NBorg.; *æi* (oftast), *ęi* og *ei* NGulfr. II; *ei* og *æi* i Thomas og Didr. III.

I den eldste islandske skrift vert tviljoden teikna *ei*, t. d. Rm. I, Lhom., og dette er ogso aalment sidan i islandsk. Men dessumfram finn me ogso *ęi* jamsides med *ei* i: Rb., Grfr. I, Legbrot, Frgm. III og VIII; Hfr. I og II; og *æi* i Rb., Grfr. I, H, Legbrot (sjeldan), Edda, som alle ogso hev *ei*.

Etter dette synest det klaart, at dei paa alle stader i den eldste tid hev skrive *ei*, so nær som i trøndsk *æi*. Men alt fyre 1200 hev *æi* (*ęi*?) funne vegen til Nordvestlandet og tevla med *ei* (og til Island, der denne

skrivemaaten *æi* aldri feste rot, men likevel sette mange merke etter seg), og i fyrste helvti av det 13de hundradaaret til Sudvestlandet og Austlandet.

Den *i*-ljodbrigda tviljoden av *au* vert i den eldste trøndsk: Legfr., Nid., Ben. I og i Bjark., Ol.s., Tüb., Ffr., II, Didr. I skriven *æy*; soleis vert ogso tviljoden skriven i 7 trøndske diplom fyre 1325. I Hom. III b, som ogso hev *æy* 211_{31}, finn me *œy*, *ơy* 212_{20}, og sameleis i dei fleste diplom i tidi fraa umkring midten av det 13de hundr. og til 1350; like eins i Tgildsk.; i Hom. III b ogso *øy* 210_{32}. — *ey* vert bruka i Hom. III b 211_{15}, Didr. II, og i diplomi for fyrste gong i 1332. — Sjeldsynt er *ǫ́y* Ben. II, *ay* D. N. V 12 (Verdalen 1280).

I den eldste austlandske handskrifti Filip vert denne tviljoden skriven *ey*; men elles er det vanlege *œy* (*ơy*) t. d. Nikolas, Haakon I, Barl., Kgsfr. IV, Tunsb. (denne hev ogso *æy*). I diplomi elles til 1320 *œy* og *æy*.

Den eldste nordvestlandske skrift i Munk. hev *øy*; soleis ogso Hom. I og II; *œy*, *ơy* hev Gfr. II (sjeldan) Hom. I, NGul., Bbyl.; *oy* Hom. II (sjeldan). — *ey*, *ęy* og sjeldan *œy* vert det skrive i Gfr. I, *ey* i Hom. I og II og i G.; *æy* i Gfr. II, Hom. I og II. — *æu* i Hom. 1 g (*æuru* 163 W), venteleg for *æy* (sjaa ovanfor sida 18 lina 5).

I sudvestlandsk vert skrive *ey* i Hom. III a, Otra, Str. II, Kgsfr. II, Karlm., Thomas, Brand., NGulfr. I, Hbv. II og III (ogso, men sjeldan *ęy*); *œy*, *ơy* Otrd., Str. I, Stav., Didr. III (som ogso hev *ey*, *æy*), Kgs., Hbv. I, NBorgkrist., NBorg.; *øy* i Hom. III a (sjeldan); *æy* skriv Elis, Brand., og Didr. III stundom, Thomas sjeldan.

Dei vestlandske diplom fraa umkr. 1270 til 1350 hev for det allermeste *œy*, men ikkje so faa hev *ey* (15 dipl.) eller *æy* (umkr. 20). — Av Hjaltlandsdiplomi (2) hev det eine (fraa 1299) *ey*, hitt (fraa 1307) *æy*. — 3 Orknøydiplom (1329—32) hev *œy*.

I islandsk hev denne tviljoden oftast formi *ey* baade i den eldste og den yngre skrift: Lhom., Grfr. I, Pl., H., El. ofl., Rm. III, Kringla og Edda. Dessutan vert skrive *ęy* i Pl., El., Hfr. II, Hb.; *æy* i Pl., Aagrip, Olfr., og Edda; *ay* El. (sjeldan), Legbrot, Aagrip; *ąy*, *ǫ́y* i Aagrip (smlk. Ben. II i umrøda um trøndsk); *aey* Pl.; *eoy* Rb. (4 g?). Men meir merkelege er *av* Rm. I, Frgm. III og VIII, Hfr. I og *av* Rm. II, Aagrip, og *au* Aagrip, som alle viser fram den ikkje ljodbrigda ljoden. Naar me ogso finn *ev* (og *év*) H, Gregor, Frgm., II, IV, V, *ǫv* Frgm. III, *æv* Olbr. (sjeldan), so stend vel *v* i alle desse høvi i staden fyr *y*. — Dei islandske diplom hev for det meste *ey* (til 1350), sume hev *æy*, t. d. D. Isl. II 159 (1295; utferda av bisp Iörund).

Det eldste hjaltlandske diplom — D. N. I 89 (1299) hev *ey*; sidan *æy*, *œy* og *ey*. Orknøydiplomi hev *œy*; men det merkelege diplom fraa 1369 (D. N. I 404) hev *ey* (og *ay*).

Som me ser av desse upplysningar, hev den eldste trøndsk havt *æy*. Med di Austlandet i denne eldre tidi for *i*-ljodbrigdet av *a* helst skreiv *e*, medan trøndsken lika beter *æ* (jfr. um *i*-ljodbrigdet av *a* her ovanfor, og at trøndsk *æi* var austlandsk *ei*), skulde me venta, at naar trøndsken hadde *æy*, skulde austlandsken hava *ey*. Soleis er det og i det eldste dokument me hev i austlandsk maal (Filip). Etter di me finn dette same teiknet *ey* ogso i fleire av dei eldste skrifter paa Vestlandet (Gfr. I, Hom. III a, Otra) og paa Island (Lhom. ofl.), er det likt til at *ey* umkring slutten af det 12te hundr. og ei tid frametter hev vore den aalmenne — men ikkje eineraadande — skrivemaaten alle stader so nær som i Trøndelag (med *æy*).

Av andre skrivemaatar for denne tviljoden i den eldste tid er serleg merkande *a*, *au* og *av* i Rm. I og II, Aagrip ofl. islandske skrifter. Her stend vist *u* i staden for *y*; og heile skrivemaaten synest framkomen gjenom tvang fraa eit strengt latinsk mynster, der ein fulla finn *au* (*Augustus*), men ikkje *ey*; *au* høvde dessutan med runeskrifti. Det er same tankegangen som sette *o* for *ø*, og *u* for *y*, og som er umrødd ovanfor. I heimenorsk minnest eg ikkje ha sét denne skrivemaaten av *ey*; men merke etter honom hev me kanskje i den trøndske hdskr. Ben II, som skriv *ay̆* (smlk. Aagrip: *ay*, *ay̆* og *ay*).

Etter den stemna som framvokstren i skrifti i det heile fylgde, skulde me venta at den trøndske formi *æy* vilde breida seg vidare utyver. Der er ogso tydelege far etter dette, baade i austlandsk og endaa meir i vestlandsk, der Gfr. II (umkr. 1200) og Elis (umkr. 1250) og fleire handskrifter hev *æy*. Ogso i islandsk finn me tidleg denne skrivemaaten, i Pl., Aagrip, Olfr., som ogso hev *æv* (ɔ: *æy*), og i Edda; ja endaa i islandske diplom fraa den fyrste helvti av det 14de hundr. er *æy* ikkje reint sjeldsynt, t. d. D. Isl. II 417 (1332), 490 (1343). Men i det heile vann denne trøndske skrivemaaten ikkje fram. Grunnen til dette kann ha vore at uttalen av tviljoden i Norig utanfor Trøndelag hev vore meir labial, so teiknet ikkje høvde godt til talen, eller kanskje heller, at den ikkje ljodbrigda ljoden fleire stader, serleg i austlandsk og nordvestlandsk, vart skriven *ou* (sjaa ovanfor under *au*). Men kva no grunnen er, ser me at eit nytt teikn *øy* eller *œy* ovrar sig tidleg baade i austlandsk og i vestlandsk (fyre 1200), og denne skrivemaaten breider seg meir og meir, trengjer seg umkr. midten av det 13de hundr. ogso inn i den trøndske diplomskrift, og vert sidan den sedvanlege heimenorske skrivemaate, medan dei

andre (*æy* og *ey*) fulla ogso heldt seg uppe heile dette tidebilet, men vart meir og meir sjeldsynte. I islandsk, som venteleg tidleg hev havt tilstemna til *ei* for *øy*, vann denne skrivemaaten ikkje inngang, og hev der sett lite merke etter seg (*eoy* nokre gonger i Rb., og *øv* Frgm. III), og *œy* er soleis eit godt merke paa heimenorsk skrift.

Som fyrr nemnt er denne utgreidingi bygd paa sjølve dei handskrifter me hev att fraa gamle dagar. Der er likevel ei gamall islandsk handskrift, oftast kalla »Den første grammatiske afhandling«, som me no berre hev i ei yngre avskrift i Codex Wormianus, men som inneheld nokre merkelege upplysningar um skrift paa Island i den eldste tidi, og som difor her maa vera med i umrøda.

Grunnen til at afh. kjem fram, er etter forfattaren si upplysning den, at dei ogso paa Island hev teke til aa skriva upp merkelege ting paa sitt eige maal. Til dette maalet høver likevel ikkje det latinske alfabet heilt ut, for kvart maal hev sine serskilde ljodar, som krev serskilde teikn. Han peikar paa engelsmennerne, som skriv engelsk med alle dei latinske bokstavar som høyer til uttalen i det engelske maal; men der som ikkje dei latinske røkk til, brukar dei andre bokstavar, so mange og av det slaget, som til tarvst. »Etter deira fyredøme hev eg daa«, segjer forfattaren, »— so det kann verta lettare aa skriva og lesa, som det no vert skikk ogso her i landet, baade loger og ættartavlor eller heilage tydingar eller dei lærde sogeverk som Are Torgilsson hev sett i bøker med stor skynsemd, — skrive oss islendingar eit alfabet, baade av alle dei latinske bokstavar, som eg tykte høvde vel med vaart maal, so dei kunde verta rett uttala, og av (dei) andre bokstavar (*þeim ǫðrum*) som eg tykte kunde turvast. Men dei teikni vart utor-tekne som ikkje høvde til vaar tunga. Nokre konsonantar er utor-tekne, og nokre andre innsette. Av vokalar er ingen utor-teken, men hardla mange innsette, for vaart maal hev flestalle vokaler«.

Det alfabet, som han daa set upp, inneheld alle konsonantar i latinsk skrift, so nær som *q*, *v*, *z*; for ljoden *k* vil forfattaren hava *c*, og for lang *k* eller *cc* set han inn ꜰc (etter græsk *kappa*); av konsonantteikn er dessutan uppteke *ŋ* (= *ng*) og *þ* (men ikkje *ð*). Umfram dei latinske vokalar *a*, *e*, *i*, *o*. *u*, set han inn *ǫ*, *ę*, *ø* og *y*. Dessutan vil han hava prikk yver alle nasale vokalar, og aksent yver alle lange.

Den namnlause forfattaren hev vore ein lærd mann for si tid; han hev vore grannhøyrd og vel kjend med maalet sitt, og alfabetet hans er i det heile godt gjort, serleg med umsyn paa vokalteikni, og hev stort vitskaplegt verd.

Av dei upplysningar afh. gjev, kann me draga ut at dei paa Island — i alle fall til og med Are frode — hev skrive bøkerne sine heilt ut aa kalla med latinske bokstavar[1]. Det er denne stemna forfattaren ikkje finn rett, og som han no vil gjera sitt til aa faa snudd.

Dinæst kann det ogso sjaa ut som um me i sjølve denne afh. hev upphavet og grunnlaget for den islandske skrift etter dette fyrste rein-latinske tidebilet. Det er difor sjølvsagt, at det ligg mykje lag paa aa vita kva tid denne merkelege afh. er skrivi. Men nettupp um dette vigtuge punkt er meiningarne hjaa dei lærde so ulike som raad er.

Finnur Jónsson meiner afh. er fraa umkr. 1140. Det som talar mest for dette er daa, at forfattaren berre nemner loger, ættartavlor, heilage tydingar og sogebøkerne av Are som islandsk bokavl; andre islandske bøker nemner han ikkje. Denne skildringi av tilstandet i den islandske bokheimen høver, etter Finnur Jónssons meining, nettupp paa tidi umkr. 1140. Men til dette segjer Bjørn Ólsen, at andre slags bøker var der ikkje aa nemna like til burtimot 1170—80, daa Eirik Oddsson skrev Hryggjarstykki; og den skildring av bokheimen som afh. gjev oss, høver difor like godt paa tilstandet umkr. 1180 som paa 1140. Men um me legg afh. til tidi millom 1140—80, er heller ikkje dette noko fullvist resultat med umsyn til grensa fram i tidi, endaa det synest mykje rimelegt. — Dei grunnar for den høgste alder som er henta fraa ordformer og stil eller fraa det umstende at forfattaren talar um aa skriva soleis at pergamentet vert drjugare, veg heller ikkje mykje; for den saki skuld kunde afh. endaa vera yngre enn 1180. Like liti vegt kann ein leggja paa Bjørn Ólsens grunn for ein yngre alder, at *u*-ljodbrigdet er konsekvent gjenomført; i fleire gamalnorske maalføre og allerhelst i islandsk maa dette ha vore gjenomført endaa fyre 1140.

Det einaste grunnlaget eg kann finna til aa byggja meg ein meining um kva tid dette forvitnelege arbeidet er gjort og kva verd det i grunnen hev, vert daa det som i avskrifti er att av sjølve upphavsskrifti, det er aa segja alfabetet og dei upplysningar forfattaren gjev um dette, alt i samanheng og samanlikning med det som me elles veit um skrifti paa Island i eldre tider.

Dei konsonantar forfattaren set upp, er alle henta fraa andre kjende alfabet, eldre enn 1140, dei fleste fraa latin, ꜱc (ɔ: *cc* = *kk*) fraa græsk, og *þ* fraa angelsaksisk eller eldre norsk. — Av vokalarne hev forfatteren, som han sjølv segjer, teke *a*, *e*, *i*, *o*, *u* fraa latinen. Umfram desse hev

[1] Bjørn Ólsens rune-hypotese (Runerne i den oldislandske litteratur 1883) kann eg ikkje finna rimeleg, og nøgjer meg her med aa visa til Finnur Jónss., Lit. II 251 ff. Gustav Storm Arkiv II, 173 ff.

han *ǫ*, *ę*, *ø* og *y*, som det daa er sjølvsagt høyrer til »*þeim ǫðrum*« bokstavar, som han segjer han hev bruka, naar han tykte det kunde turvast, men som han ikkje nemner heimstaden for. Av desse er *ę*, *ø* og *y* brukte i angelsaksisk i eldegamall tid, og maa ha vore kjende millom lærde folk paa Island og i Norig, lenge fyrr forfattaren av afh. si tid[1]. *ǫ* vert daa den einaste bokstaven, som eg ikkje hev kunna finna i noko framandt alfabet. Dette kunde me daa tenkja oss at forfattaren hev laga; men mest rimelegt synest det meg, at han likso lite hev laga dette som noko av dei andre teikni[2], og daa ser eg ingen annan maate aa forklaara det paa enn at han alt hev funne det fyre seg einkvarstad i norsk skrift. Som fyrr upplyst i denne etterrøknaden, finn me *ǫ* i ovgamle skrifter fraa alle kantar i Norig og paa Island, so nær som i austlandske, der Borg. hev *ó*. Men meir um dette sidan.

Med umsyn til aksentteiknet, var dette vel kjent i angelsaksisk skrift. Derimot er prikk yver nasale vokalar noko som eg ikkje kjenner fraa andre alfabet. At der hev funnest nasal uttale av vokalarne paa forfattaren si tid, k a n n vera eit merke paa at afh. er mykje gamall; men det er likso snart tenkjelegt at denne uttalen hev halde seg langt fram i tidi paa Island. I Norig finst han den dag idag (i Selbu), um enn ikkje i same høve som paa Island etter afh.

Ser me etter dette paa tilstandet i dei eldste islandske skrifter fraa slutten av det 12^te^ hundr. og tidi umkr. 1200, vert me der snart var tvo ulike stemnor med umsyn paa skrivemaate. Dei byggjer baae tvo paa latinsk skrift i motsetning til austnorsk eller angelsaksisk. Men den eine stemna byggjer mesta heilt ut paa vanleg latinsk skrift, medan den andre hev serskilde teikn for dei ljodar som mest skilde seg ut fraa latin.

Eit framifraa gildt døme paa den eine av desse stemnor er Rm. I og II. I Rm. I (1185?) vert det berre bruka bokstavar fraa det vanlege latinske alfabet, umfram *þ* og *y*, som ogso eingong vert skrive *ú* (*fúlger*$_{12}$); her er ikkje serskilde teikn for *ę*, *ǿ*, *ǫ* eller *ǫ́*, men det vert skrive *e*, *o* (1 gong *ao* for *ǫ*): *telia*$_{4}$ (liksom *nema*$_{3}$), *fort*$_{14}$ (for *fǿrt*), *ollō*$_{1}$ *haorgs*$_{6}$ (for *ǫllom*, *hǫrgs*) *ostēma*$_{6}$ (*ǿstemma*); for *ę́* stend *æ* i *sæþe*$_{14}$. Rm. II (1206) held minst likso strengt paa latinen; det hev enno formi *ravkiaholte*$_{23}$, *e* og *o* for *ę*, *ę́*, *ǫ* og *ǿ* (utan undantak), *v* for *y*; det finst ikkje eingong *æ* eller *ao* her. Døme paa skrivemaaten i Rm. II er: *huer*$_{23}$ *tuer*$_{18}$

---

[1] *ę* ofte i latinsk og angels.; *ø* i Alfric's skrift (umkr. 1000); *y* i Orosius o. m. fl.

[1] Bjørn Ólsen meiner at forfattaren av afh. sjølv hev sagt at han hev laga *ǫ ę ø* og *y* (Aarb. 1893, s. 226); men dette strider baade mot ordi: *Við þá hljóðstafi fimm -hefi ek viðr gǫrva þessa stafi* (ɔ: t i l l a g t desse bokstavar; afh. s. 3$_{3-4}$) og mot det røynlege høve.

*lond*19 *hogende*20 *vfer*17 *fvlgia*18. Aksent yver lang vokal finst korkje i Rm. I eller II.

Naar me les desse tvo dokument, kann me ikkje anna enn minnast motstandaren mot den nye skrivemaaten, som forfattaren i afh. læt segja: »eg vyrder ikkje anten du skriv . . *ę* eller *e*, *y* eller *u*«. Og det synest meg utvilsamt, at me her hev fyre oss nettupp den strenge latinske stemna i skrivevegen som afh. strider imot. Og det so seint som 1206. Men det vilde vera forhasta aa draga ut av dette, at afh. maa vera skrivi etter 1206.

Tek me so fyre oss Lhom. (Am. 237 fol.) som visst er mykje eldre enn Rm. II, kanskje saman med det trøndske Legfr. den eldste gamalnorske handskrifti me hev, finn me her eit likso forvitnelegt døme paa ei onnor stemna i skrivevegen paa Island. Skrivaren av Lhom. kjenner baade *ę* og *y*, og han gjer skilnad millom *o* og *u*-ljodbrigdet av *a*, som han skriv *ǫ*, og *ø*, som han skriv *eo*; han skriv *ey*, og han kjenner godt aksentbruket. Den latinske skrift er her tilmaata etter det norske maal sitt krav.

Skrivaren av Lhom. fylgjer soleis same grunnsetning som forfattaren av afh. Men samstundes skil han seg ut i so mange stykke fraa denne forfattaren at det etter min meining er audsynt, at han ikkje hev kjent dette verdfulle arbeid eller bruka det til mynster. Ikkje berre at han skriv *ia* for *ea*, brukar baade *u* og *v*, og skriv *k* og *z*, altsaman mot den rettleidingi afh. gjev; men sume av dei teikni han brukar for dei serskilde norske ljodar, som latinen ikkje hev, er heilt upp annarleis enn dei som afh. set upp. Soleis skriv han *eo* for *ø*, *ǽ* for *ę́*, og *u*-ljodbrigdet av *a* skriv han snart *ǫ*, snart *ꜵ*. Alle sakkunige er samde um at Lhom. høyrer til dei allereldste handskrifter paa Island. Konr. Gíslason segjer i Frump. »*vant mun finnast eldra handrit, íslenzk eða norrœnt*«. Etter skrifti aa døma er det knapt yngre enn 1150.

Dei fleste av dei gamle islandske skrifter me no kjenner, held fram i denne same stemna som Lhom., men med ei merkeleg ustøda og vingling. Dei ljodbrigda vokalarne vert skrivne paa alle upptenkjelege maatar, *u*-ljodbrigdet av *a* paa minst 14, *i*-ljodbrigdet av *o* paa minst 15 i det tilfanget av handskrifter eg hev havt fyre meg. Mange svagar millom desse ny-ovringar og den gamle tronge latin-leidi, som dei endaa i 1206 fylgjer i Røykjaholt. Ikkje ein einaste fylgjer forfattaren av afh. Dei fleste sigler liksom paa leiting, men utan lôs.

Dette tilstandet er meg uskynande, naar eg skal ganga ut fraa at der alt i 1140 vart framlagt eit »reformforslag« som denne afh. for den is-

landske rettskrivning, og at dette »tidlig har faaet en vis udbredelse«[1]. Dermot vert alt klaart, naar eg tenkjer meg, at der millom deim som skreiv paa norsk maal, alt fraa den fyrste tid hev vore ein trong til eit høvelegare alfabet enn det rein-latinske. Denne trong driv daa austnorsken til aa byggja si skrift paa det angelsaksiske alfabet, og vestnorsken til aa bøta paa det latinske. Kravet paa ei umbot hev vore sterkare hjaa sume enn hjaa andre, serleg med umsyn paa teikn for dei ljodbrigda vokalarne, som latinen vanta. Dei hev gjort seg kjende med teikn i andre maal eller maalføre, og innført deim i skrifti si, og sume hev freista sjølv aa finna utvegar. Paa denne maaten maatte ei mengd med teikn alt i det 12te hundr. vera uppe i skrift, ikkje minst paa Island, der dei sysla so mykje med bokskriving. Samstundes hev sume halde fram meir strengt med den latinske skrift.

Denne naturlege tilgang er det nettupp tilstandet i dei eldste islandske skrifter gjev oss eit bilæte av: ei greid, men styrd og ulagleg gamaldags rettskrivning, og ei ugreid men voksterfør nyare, som knapt kunde kallast rettskrivning, men som kunde verta det.

Og i dette tilstandet er der rom for ein mann som forfattaren av afh. som visste korleis engelsmennerne hadde stelt seg med si skrift, og som var lærd, gløggsynt og umtenkt, til aa skriva eit alfabet for islendingarne av dei latinske bokstavar og *þeim ǫðrum* (ɔ: dei som elles var uppe og aalgjengde millom bokskrivarar), som det kunde turvast var med. Arbeidet hans hev vore aa s k i p a eit alfabet ved eit utval av det tilfang med bokstavar som var i bruk, imillom deim fulla ogso *ǫ*, men ikkje aa s k a p a eit av noko nytt. At dette alfabet maatte hava nokon innverknad der det vart kjend, synest sjølvsagt. Men skal ein døma etter tilstandet i rettskrivningi umkr. 1200, hev verknaden vore mindre enn ventande, anten fordi afh. ikkje hev vore kjend i vidare krinsar, eller for di den uppsette skrivemaaten med sine prikkar yver nasalvokalar, krokar under mange vokalar og aksentar yver hev vore for lærd for aalmenningen. Og mot straumdraget fraa Norig i det 13de hundr. hev me sét, at alfabetet ikkje stod seg. Paa Røykjaholt maa me likevel tru at det snart hev vore kjent, og at dei maatte forstaa det verd det hadde. Og naar dei daa her fylgjer den gamle latinveg so seint som umkr. 1206, ser eg i dette ein vitnesburd um at afh. ikkje kann vera skrivi so tidleg som fyre midten av det 12te hundr. Meir enn ein skikkelig mannsalder etter afh. var skrivi og vorti kjend, kann eg ikkje godt tenkja meg at den latinske skrift i den gamaldagse form som i Rm. II kann ha halde seg. Det synest

---

[1] Finnur Jónss. l. III 927.

meg difor mest rimelegt, naar alt vert samanlagt, at afh. er skrivi umkr. 1170, eller vel ein mannsalder fyre Rm. II. Hennar største verd er vitskaplegt og ligg i det, at ho gjev oss eit klaart bilæte av vokalhøvi i det islandske maalføre i den siste helvti av det 12te hundradaaret. Derimot synest afh. ha havt liten innverknad paa den islandske rettskrivning; utanum det at ho kann ha hjelpt til med aa faa burt det eldste latinsystem; ein vitnesburd um dette er den næste eller 3dje hand i Røykjaholts máldagi (Rm. III) fraa umkr. 1224, som korkje brukar den gamle latinske skrivemaate, heller ikkje fylgjer forfattaren av afh., men syner fram so sterk trøndsk paaverknad, t. d. skilnad millom *þ* og *ð*, angels. *ꞃ* (*sćꞃt*[1]) o. m. at dette stykke for den skuld gjerne kunde vera skrive i Norig eller av ein nordmann paa Island[2].

Paa grunnlag av denne utgreidingi dreg eg ut:

A. Med umsyn paa skrivemaaten av konsonantteikni i gamalnorsk i den eldste skrifttid me kjenner:

1. I Trøndelag og paa Austlandet hev dei bruka angelsaksisk skriftmynster, skrive angelsaksisk *f* (*ꝼ*), *r* (*ꞃ*, *ꞃ*) og *v* (*ƿ*), og gjort skilnad millom *þ* og *ð*, som i den etter-alfredske tid i England.

2. Paa Vestlandet hev dei blanda angelsaksisk og latinsk skrift, mest angelsaksisk i nord, og mest latinsk i sud; men det er her aa merka at endaa dei eldste sudvestlandske handskrifter me no hev, er vortne til ei god stund etter den tid at paaverknaden av angelsaksisk fraa trøndsk hadde byrja. Den eldste islandske skrift er latinsk. Paa Island og (i sume skular) paa Vestlandet hev dei fraa angelsaksisk eller fraa runeskrifti uppteke *þ* til teikn for den dentale spirant baade i framljod og innljod[3].

B. Med umsyn paa skrivemaaten av teikn for vokalar som var serskilde for norsken, synest det klaart:

1. Der hev i den eldste tid vore mykje skjepl og raadvilla, helst um korleis dei skulde skriva *i*-ljodbrigdet av *o* og *u*-ljodbrigdet av *a*. For *i*-ljodbrigdet av *o* hev dei i trøndsk og austlandsk tidleg laga (?) eit serskilt teikn *ꝍ*, *ꝍ* (etter ags. *oe*?), som snart kom i bruk i all heimenorsk skrift, men ikkje i den eldste islandsk. Paa Island valde dei *ø* eller ogso *eo*, som me ogso finn i den eldste vestlandsk. — Til *u*-ljodbrigdet av *a* hev dei alle stader i Norig og paa Island bruka mykje *o*, men ogso *ǫ*; dette teiknet synest framkome ved

---

[1] Soleis faksimilet; transskriptionen hev *s'cipt*.
[2] Formi *klukur* saman med maalformi i stykket elles syner at det er islandsk.
[3] liksom i sume angelsaksiske skrifter fraa Alfreds tid.

samanskriving av *ao*, som me ogso finn baade i heimenorsk og islandsk gamall skrift.

2. Skrivemaaten *ey* for den *i*-ljodbrigda tviljoden *au* synest hava den nærmaste samanheng med den aalmenne skrivemaaten *au* av den ikkje ljodbrigda tviljoden, og hev fyre 1200 og noko etter vore vidt utbreidd baade i Norig og paa Island; i Trøndelag skreiv dei *æy*. — Skrivemaaten *øy*, *œy* synest hava nærmaste samanheng med skrivemaaten *ou* av den ikkje ljodbrigda tviljoden, som me finn skriven soleis (*ou*) alt i den eldste austlandske og nordvestlandske skrift, der me ogso fyrst finn *øy* og *œy*. Skrivemaaten *œy* fekk sidan yvertaket i all heimenorsk skrift (um endaa *ey* og *æy* ogso er brukande), medan *ey* heldt seg, eller aldri kom i undermagt paa Island.

C. Den austnorske, serleg den trøndske skrivemaaten, bygd paa angelsaksisk, hev fraa den eldste tidi me kjenner til skrift, eller fraa slutten av det 12te hundr., havt den sterkaste utbreidingsevna. Umkring aar 1200 og i den fyrste fjordepart av det 13de hundradaaret hev skriftteikn, som fyrr var sermerkelege for austnorsk, vorte innførde i vestlandsk og islandsk og hev der anten trengt burt dei gamle teikn (som *ꝼ* i staden for *f*) eller fenge sess attmed dei eldre (som *ð* for *þ* i innljod, *ꝩ* for *v*, *ꞃ* for *r*). Endaa *gh*, som upphavleg er austlandsk, men umkring 1300 vart uppteken i trøndsk, og den egt trøndske skriftformi *æy* kann me i det 14de hundr. no og daa finna i islandsk.

D. Korleis tilstandet hev vore i den allerfyrste skrifttid eller det 11te hundradaar, hev me ikkje noko dokument som viser. Men kann me døma fraa den eldste skrifttid me kjenner, er der grunn til aa tru, at Trøndelag og Austlandet alt fraa fyrstonne hev teke til med angelsaksisk skrift, Sudvestlandet og Island med latinsk, kanskje ogso Nordvestlandet. Dei eldste handskrifter viser oss endaa dette upphavlege tilstandet heller klaart, serleg for trøndsk og austlandsk og islandsk. Naar me finn meir blanda skrift-system paa Vestlandet, kann grunnen til dette vera at det same straumdraget fraa det sterke kulturcentrumet i erkebispestaden Nidaros, som i fyrstningi av det 13de hundr. førde so mange angelsaksiske emne inn i den latinske skrift paa Island, alt fyre denne tid hadde innverka paa den vestlandske skrift i Norig.

Trykt 25de april 1906.

S